



# Rapport og planar (2012 – 2013)



Godkjent av Styret  
for Høgskulen i Sogn og Fjordane  
14. mars 2013



# Innhald

## Rapport 2012

Innleiing .....	5
Sektormål 1. Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.....	10
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet .....	21
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.....	29
Sektormål 4. Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla. ....	33
Annan rapportering .....	43

## Planar 2013

Planar .....	49
Sektormål 1. Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.....	55
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet. ....	64
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal og nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.....	71
Sektormål 4. Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla. ....	77
Vedlegg.....	85



# Innleiing

---



Styret har vore involvert i arbeidet med Rapport og planar gjennom eit eige styreseminar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er inne i ei positiv utvikling både når det gjelder søkjartal, studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Høgskulen i Sogn og Fjordane har sidan 2008 nesten dobla søkjartalet. Den positive utviklinga i HiSF har halde fram også i 2012 og styret vil trekke fram den innsatsen frå tilsette og leiarar som ligg bak resultatane.

Studenttalet har vakse, og dette gir seg utslag i ein auke i studiepoengproduksjon. HiSF har ein gjennomsnittleg studiepoengproduksjon på 50,8, mens snittet for statlege høgskular er 47,6 studiepoeng pr. heiltidsekvivalent. Også når det gjeld gjennomstrøyming ligg resultatane langt over gjennomsnittet. HiSF har fokus på at vi skal gi relevante, attraktive og fleksible studietilbod. Arbeidet med relevans og kvalitet omfattar både studieplanarbeid, undervisningsplanlegging og vert vektlagt i evalueringa av studia våre. Samtidig har det vorte arbeidd systematisk med oppfølging av tilbakemeldingar frå studentane både når det gjeld studiekvalitet og læringsmiljø. Gjennom mastergradsatsinga har vi auka attraktiviteten ved høgskulen både for tilsette og studentar. Vi er inne i ei utvikling der vi ser at prosentdelen søkjarar frå eige fylke, Sogn og Fjordane, går nedover, mens prosentdelen søkjarar utanfrå fylket aukar. Hovudforklaringa er ei betydeleg større interesse for studietilbodet vårt frå studentar frå andre fylke. Vi ser òg at denne endringa i søkjartalet forsterkar trendar der nokre av studietilboda våre er prega av ein høg prosentdel søkjarar frå fylket (sjukepleie, lærarutdanning), mens andre tilbod har ein stadig større del søkjarar utanfrå (idrett, geologi, fornybar energi, eigedomsmeikling). Høgskulen har aldri hatt så mange studentar eller utdanna så mange kandidatar som i 2012.

Rolla som regional utviklingsaktør står sentralt for Høgskulen i Sogn og Fjordane, og det er utvikla sterke band til regionale samarbeidspartnarar. Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er etablert og supplerer dei sektorvise samarbeidsarenaene som har vore verksame i lang tid. Vi har vore sterke på samarbeid mot offentlig sektor, men ønskjer å vidareutvikle samarbeidet med næringslivet. Lærarutdanninga har for eksempel etablert faste samarbeidsarenaer der både fylkesmann, KS, Utdanningsforbundet og høgskulen deltek. Samarbeidet omfattar både FoU, vidareutdanning og leiarutvikling i skule og barnehage. Det er òg etablert ei el-kraftutdanning ved høgskulen med bakgrunn i kompetansebehovet i kraftselskapa i fylket. Bransjen er sterkt involvert i dette studiet. Høgskulen i Sogn og Fjordane har over fleire år no vore ein aktiv medspelar når det gjeld den regionale satsinga på fjellsport, der dei naturlege fortrinna i regionen vår vert utnytta med både studentar, lokalbefolkning og tilreisande som målgruppe.

Det er også heilt avgjerande for Høgskulen i Sogn og Fjordane å utvikle samarbeid med andre universitet og høgskular og FoU-institusjonar. Det formaliserte samarbeidet i UH-nett Vest har no halde på i fem år og er blitt omfattande og fruktbart. Som eit ledd i arbeidsdelinga mellom institusjonane er det no inngått ein avtale om ingeniørutdanning i undervasssteknologi i Florø, der Høgskolen i Bergen er hovudansvarleg ut frå kompetanse og erfaring med tilsvarende utdanning. Høgskulen i Sogn og Fjordane er samarbeidspartnar. Når det gjeld lærarutdanning, har høgskulen samarbeid med institusjonar i UH-nett Vest om tre ulike deltids grunnskulelærarutdanningar. Det er òg sett i gang eit forpliktande samarbeid om innføring av den nye barnehagelærarutdanninga. Fleire institusjonar i nettverket samarbeider om Rektorskulen. Det vert no gjennomført ei evaluering av samarbeidet som peikar i retning av at samarbeidsavtalen vil bli fornya etter at noverande avtale går ut 31.07.13. Vi viser her til eigen rapport om UH-nett Vest-samarbeidet. Samtidig som Høgskulen i Sogn og Fjordane har satsa på UH-nett Vest som hovudsamarbeidsarena med fellesambisjonar for både utdanning, forskning og administrative satsingar, har vi også betydeleg samarbeid med andre institusjonar i

UH-sektoren. Norges idrettshøgskole er til dømes vår nærmaste samarbeidspartner når det gjeld idrettsutdanning og idrettsforskning.

Vi har hatt ein betydeleg auke når det gjeld forskingspublisering frå 2011 til 2012. Vi har nådd målsettinga om 50 publiseringspoeng hatt ei auke på 34% når det gjeld publisering. Vi har ikkje nådd måla alle måla våre for 2012 når det gjeld fou. Men vi har framleis ambisjonar om å styrkje innsatsen, spesielt når det gjeld eksternt finansiert verksemd og når det gjeld kompetanseheving. Vi har no vedteke ein ny FoU-strategi der det er lagt inn verkemiddel for både kvalifisering og konsentrasjon av forskingstid.

2012 har elles vore prega av at høgskulen har flytta inn i nytt høgskulebygg i Sogndal. Vi har no all verksemd i Sogndal konsentrert til Fosshaugane Campus. Ein ny funksjonell bygningsmasse representerer eit vesentlig fortrinn for høgskulen, og vil gjere oss i stand til å tilby både studentar og tilsette vesentleg betre studie- og arbeidsvilkår. Prosessen gjekk i det alt vesentlege som planlagt. Det meste av verksemda i Sogndal er no fordelt på dei tre bygga Stadionbygget, Høgskulebygget og Fossbygget. Det er likevel nokre av dei tilsette i lærarutdanninga som ikkje har fått plass i den nye konsentrerte bygningsmassen. Styret ønskjer derfor å realisere eit tilbygg på Stadionbygget med sikte på full samlokalisering i ny bygningsmasse på Fosshaugane. Intensjonen er å underteikne kontrakt og starte bygginga av tilbygget i 2013.

I løpet av 2012 har det blitt utført ei midtvegsevaluering av strategisk plan. Ein justert strategiplan er vedteken, med bakgrunn i behovet for forankring av planen i det nye styret, og fordi ein del av målsetjingane alt er oppnådde. Mellom anna er arbeidet med å utvikle mastergrader på dei sentrale utdanningsområda våre fullført, med eitt unntak; mastergrad i økonomisk-administrative fag. Høgskulen har det siste året fått godkjent to nye mastergrader i NOKUT, og har med det godkjenning for fire mastergradstilbod.

Omfanget av eksterne inntekter har vore aukande dei siste åra. Det er ein klar ambisjon å vidareføre auken i åra som kjem. Det tyder på at kompetansen vår både er relevant og etterspurt, og at vi på ein god måte fyller samfunnsrolla vår. I 2012 fekk høgskulen tilslag på to store prosjekt finansierte av Norges forskingsråd, eit strategisk høgskuleprosjekt og eit PRAKUT-prosjekt. Omfanget av EU-finansierte prosjekt har auka, men er framleis lågt, relativt sett. Publiseringindeksen viser ein vekst. Her har høgskulen klare ambisjonar om vidare auke.

Budsjettrammene for HiSF har auka betydeleg dei siste åra, men det har også kostnadene ved å ta imot eit veksande tal studentar, implementere nye mastergrader og dekkje meirkostnader ved husleige i samband med nytt høgskulebygg. Høgskulen er i ein situasjon der vi har små økonomiske marginar. Det er nødvendig å halde stram økonomistyring. Vi legg vekt på å halde kontroll med den langsiktige utviklinga i økonomien ved hjelp av fireårige budsjettprognoser som vert laupande ajourført.

Styret blei valt/oppnemnt frå 1. aug. 2011, og er no inne i sitt andre år. Styret har i 2012 hatt seks styremøte og i tillegg eit styreseminar felles med leiargruppa, der midtvegsevalueringa av strategisk plan vart drøfta. Styret har i 2012 lagt stor vekt på å leggje betre til rette for FoU-verksemd i høgskulen, både gjennom utvikling av strategi og planer, organisering og gjennom økonomiske prioriteringar. I løpet av 2012 er OU-prosessen slutført, og det har kome på plass eigen personaldirektør og ny økonomidirektør i høgskulen. Innflytting i nytt bygg ved semesterstart i 2012 blei markert med ei rekkje arrangement der også styret har vore involvert. Samtidig har styret hatt fokus på slutføring av arbeidet med å skaffe tilfredsstillande bygg i Sogndal, der tredje byggesteg framleis står att. Styret har lagt opp til ei to-stegsbehandling av alle viktige styresaker. Ved at sakene først vert drøfta og deretter fremja som vedtakssak i neste møte, vert det lagt til rette for eit godt samspel mellom styret og leiinga ved høgskulen.





# Resultatrapportering for 2012

---



# Sektormål 1

## Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet

### 1.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha god studentrekruttering til alle utdanningar, og styrke rekrutteringa på den nasjonale marknaden

#### 1.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	1030	985	1167	1285	1200
Primærsøkjarar per utlyst studieplass (pr 15.4)	1,39	1,39	1,44	1,66	1,56
Kvalifiserte primærsøkjarar per studieplass	-	1,11	1,16	1,34	1,20
Gjennomsnittleg karakterpoeng hjå nye studentar	38,0	38,5	38,0	38,9	39,0
Nye studentar rekruttert gjennom SO	804	783	846	853	800
Nye studentar rekruttert utanom SO	671	900	728	711	700

#### Analyse

Høgskulen nådde resultatmålet med god margin for rekruttering av nye studentar gjennom Samordna Opptak, dvs. grunnutdanningane. Sidan 2008 har HiSF auka rekrutteringa av nye grunnutdanningsstudentar med 87% målt i tal primærsøkjarar. Ingen andre institusjonar i uh-sektoren har like sterk prosentvis vekst i søkjartalet denne perioden. Den positive utviklinga skuldast i nokon grad etablering av nye tilbod, men gjeld elles så og seia alle høgskulen sine grunnutdanningar.

Rekrutteringsveksten kjem i stor grad utanfrå dei geografiske nærområda. Tal søkjarar frå Sogn og Fjordane er om lag stabilt, medan det har vore sterk auke i rekrutteringa frå andre fylke. Meir enn 60% av dei nye studentane kjem utanfrå Sogn og Fjordane.

Tal nye studentar rekruttert gjennom SO ligg noko over resultatmålet, og er tilfredsstillande.

Tal nye registrerte studentar gjennom lokale opptak er svakt over resultatmålet, og fordeler seg tilfredsstillande på dei ulike tilboda. Det store volumet ligg her på vidareutdanningar retta mot skule og barnehage og helse og sosial, der høgskulen strekkjer seg langt for å møta regionale behov. Tilbodet av masterutdanningar er aukande, og i 2012 har HiSF fire tilbod. Andel studentar på mastergradsnivå er dermed svakt aukande.

Høgskulen har arbeidd målretta med studentrekruttering, særleg med bruk av studentambassadørar og ulike digitale medium. Høgskulen sitt omdøme er forsøkt styrka med arrangement av konferansar og med godt samarbeid med eksterne aktørar, både med tanke på

å møta lokale og regionale kompetansebehov og med tanke på profilering av høgskulen og studiestadane. Utvikling av høgskulen sine vevsider vert sett i gang som eige prosjekt i 2013.

## 1.2 Verksemdsmål

### Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane og ha god gjennomstrøyming og lite fråfall

#### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Eigenfinansierte studentar 1.10	2736	3105	3212	3328	3200
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10.	2242	2439	2624	2797	2600
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent*	49,5	49,9	50,6	50,8	50
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1847,9	2030,0	2212,8	2368,0	2250
Kandidatproduksjon	456	440	460	527	480
Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor	-	-	62%	57%	60%
Aktivitetskrav for AOI			0	8	7
Aktivitetskrav for sjukepleie			138	165	138
Aktivitetskrav for vernepleie			33	32	29

\* Fom. årets rapport nyttar vi KD sitt talgrunnlag i «Tilstandsrapporten».

#### Analyse

Hausten 2012 er resultatet godt over målalet for dei fleste styringsparametrane under dette verksemdsmålet.

Høgskulen sin studiepoengproduksjon aukar klårt for fjerde året på rad, noko som primært er resultat av at høgskulen har hatt god rekruttering av nye studentar og sterk auke i studenttalet som følgje. Studiepoengproduksjonen per eigenfinansiert ekvivalent er blant dei høgste i sektoren. Gjennomsnittet for alle statlege høgskular er 48,6 studiepoeng og for sektoren 45,5 poeng.

Også når det gjeld gjennomstrøyming i forhold til normert studietid er resultatet godt. I 2011 hadde HiSF best gjennomføring av alle dei statlege høgskulane, og langt betre gjennomstrøyming enn universiteta og dei vitskaplege høgskulane. Også i 2012 er HiSF i landstoppen og understrekar at høgskulen sine studentar i stor grad lukkast i det faglege arbeidet.

Kandidatproduksjonen i 2012 ligg over resultatmålet. Det er naturlege svingingar i kandidatproduksjonen dei ulike åra på grunn av deltidskull som avsluttar til ulike tider, men kandidattalet er no aukande som følgje av betre rekruttering og fleire studentar.

Høgskulen har aldri hatt så mange studentar eller utdanna så mange kandidatar som i 2012.

### 1.3 Verksemdsmål

**Høgskulen skal ha attraktive, yrkesnære og fleksible utdanningar med tilbod om mastergrad på dei sentrale utdanningsområda**

#### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Akkrediterte mastergradar	2	2	2	4	4
Mastergradar med ekstern akkreditering	2	2	3	2	2
Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar	-	-	2	4	2

#### Analyse

Mastergrad i idrettsvitskap i samarbeid med NIH vart starta hausten 2011. Høgskulen fekk akkreditert master i Undervisning og læring og Samhandling innan helse- og sosialtenester i 2012. Master i samhandling innan helse- og sosialtenester vart lyst ut i august. Master i læring og undervisning vart godkjend hausten 2012 og får opptak hausten 2013. Høgskulen nådde målet som var sett for 2012 i høve mastergradar. Etablering av nye mastergradar utfordrar høgskulen med omsyn til finansiering. Høgskulen har eit godt samarbeid med yrkesfeltet innan helse- sosial, skule og barnehagesektoren om relevante vidareutdanningar.

Vidareutdanningstilboda framover vert utforma i lys av dei nye masterutdanningane og med sikte på at dei skal kunne godkjennast på masternivå.

Høgskulen har godt og nært samarbeid med praksisfeltet for profesjonsutdanningane. I 2012 er dette særleg vidareutvikla for helse- og sosialfaga i lys av St. meld nr 13 Utdanning for velferd.

Høgskulen har samarbeid med institusjonar innan UH-nett Vest om tre ulike deltids-grunnskulelærerutdanningar, og det er sett i gang eit forpliktande samarbeid om innføring av den nye barnehagelærerutdanninga. Det er og fleire institusjonar innan nettverket som samarbeider om Rektorskulen. Sjå elles særskild rapportering.

I 2012 vart Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) etablert med sikte på betre kopling mellom høgskulen og næringslivet sine behov.

## 1.4 Verksemdsmål

### Høgskulen sine studium skal vere forskingsbaserte og halde høg fagleg og pedagogisk kvalitet

#### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Studentar per faglege årsverk	17,8	19,8	18,7	19,7	18,0
Tal tilsette som tek intern pedagogisk vidareutdanning (5 stp)	0	12	16	26	20
Del førstestillingar av samla tal undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar.	34%	35%	36%	36,4%	37%

#### Analyse

Tal studentar per fagleg årsverk er høgare i 2012 enn året før, og godt over resultatmålet, og også over gjennomsnittet for sektoren (12,5).

«Tett på-konferansen» i 2012 hadde fokus på forskingsbasert undervisning og korleis studentar kan involverast, og vart arrangert som eit samarbeid mellom Studentparlamentet, Læringsmiljøutvalet og Utdanningsutvalet i høgskulen. Målet med konferansen er å utvikle ein open møteplass mellom studentar, leiarar og støttetjenestene på tvers av avdelingar og fagmiljø. Gjennom studieplanar og ein breitt opplagt forskingsdag har høgskulen i 2012 synleggjort forskingsaktivitet for studentane, men høgskulen har framleis utfordringar med å involvere studentar i forskingsarbeid. Etablering av nye masterutdanningar kan vere med å gi grunnlag for prosjekt og forskning der studentane kan verte involvert. Høgskulen si auka satsing på fou vil på sikt støtte opp om målet om forskingsbaserte utdanningar.

Høgskulen har sidan 2008 hatt tilbod om pedagogisk opplæring for tilsette. Det er innført krav om at nytilsette som manglar formell pedagogisk basiskompetanse må skaffe seg slik innan fem år. Tilbodet gjeld og tilsette som ønskjer å utvikle sin pedagogiske kompetanse. I 2012 deltok 26 tilsette i opplæringa.

## 1.5 Verksemdsmål

Internasjonalisering skal medverke til høg kvalitet på HiSF sin faglege aktivitet

### 1.5.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Studentmobilitet	91	79	111	82	100
Fagleg mobilitet med opphald over ei veke	40	34	27	24	30
Tal engelskspråklege studium	15	14	14	9	13

#### Analyse

Arbeid med internasjonalisering har fått auka forankring i leiinga i 2012 gjennom revisjon av strategisk plan og ved oppretting av internasjonalt forum leia av viserektor for utdanning. Målet er å utvikle eit meir robust internasjonalt engasjement i høgskulen, der arbeidet ikkje berre kviler på nokre få eldsjeler. Dette er eit langsiktig arbeid der høgskulen si satsing på auka fou-aktivitet kan verte ein viktig bidragsytar. Høgskulen har deltatt i det europeiske klassifiseringsprosjektet U-MAP.

Resultata for mobilitet i 2012 ligg noko under måltala. Det gjeld både student- og lærarmobilitet. Ved HiSF er mobilitet i fagmiljøa normalt kortare enn fire veker. Innreisande gjestestudentar kjem i hovudsak som Erasmus, Nordplus eller kvotestudentar. Høgskulen har eit betydeleg samarbeid med ulike institusjonar i Zambia, og kvotestudentane våre kjem derfrå. Studentar frå HiSF reiser til partnerar i mange land, og mange reiser til Zambia.

Tal engelskspråklege tilbod vart endra i 2012 ved at fleire emne vart slått saman til større einingar. Målet er å rekruttere fleire studentar til heile semesterprogram.

Høgskulen har arbeidd for å styrke studiemiljøet for innreisande studentar ved å engasjere studentar som miljøkoordinatorar og gjennom samarbeid med studentorganisasjonane og samskipnaden. I Høgskulebygget i Sogndal er det lagt til rette for internasjonal møteplass, og informasjonsmøte om internasjonale studietilbod vart arrangert av Karrieresenteret.

## 1.6 Verksemdsmål

**Høg studiekvalitet, tett oppfølging og gode støttetjenester skal vere eit varemerke for HiSF**

### 1.6.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Andel kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF*	95%	86%	89%	87%	90%
Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med bibliotektenesta*	89%	89%	85%	85%	95%

\*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

#### Kvalitativt styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.
- Studentane skal ha god tilgang til datatenester, og digital undervisning skal vere godt tilrettelagt.

#### Analyse

Andel kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF held seg stabilt og høgt. I 2012 var det 87% som dei er svært godt eller godt nøgde.

Kandidatane er som i 2011 godt nøgd med bibliotektenesta. Vi ventar at studentane vil verte endå meir nøgde etter at biblioteket i Sogndal no er samlokalisert i det nye Høgskulebygget. Høgskulen har etter innflyttinga god tilgang på dataarbeidsplassar, it-støtte er styrka og dei nye undervisnings- og grupperomma er utstyrte med moderne teknologi til bruk i undervisninga. Høgskulen har innført elektronisk system for rom- og timeplanlegging der studentane sjølve kan bestille grupperom.

I 2012 er prosjektet Digital kompetanse ført vidare, mellom anna med utprøving av nye måtar å formidla undervisning og rettleiing, med utvikling av nye digitale læremiddel og med utprøving av digital eksamen.

Høgskulen gjennomførte i 2012 ei undersøking av studiekvaliteten i eit utval av bachelor- og vidareutdanningar. I alt deltok 760 studentar, med svarprosent på 69%.

Undersøkinga viste at studentane var godt nøgde med den faglege kvaliteten på studia, dei er ambisiøse og siktar mot gode faglege resultat. Praksis vart vurdert som nyttig for å oppnå læringsutbytte i studium med praksis. Undersøkinga avdekkar at halvparten av studentane ikkje hadde noko forhold til utdanningssamtalen som inngår i høgskulen si tette studentoppfølging. Dette vil høgskulen følgje opp i 2013.

Høgskulen har arbeidd systematisk med formulering av læringsutbytte både på program- og emnenivå. Vi fokuserer på tilrettelegging for at studentane kan oppnå læringsutbytta i studieprogramma.

## 1.7 Verksemdsmål

### Høgskulen sitt læringsmiljø skal vere ope og inkluderande og stimulere til læring

#### 1.7.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Andel kandidatar som svarar at dei trivst særst godt eller godt i studietida*	85%	88%	91%	85%	90%
Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med arbeidstilhøve for studentane*	76%	72%	67%	71%	80%
Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med velferdstilbodet (bustad, kantine)*	69%	67%	62%	63%	70%

\*Kjelde: Kandidatundersøkingar

#### Analyse

Høgskulen har eit aktivt Læringsmiljøutval. Læringsmiljøutvalet har følgd planlegging av det nye Høgskulebygget i Sogndal tett. Arbeid med universell utforming og auka tilgjenge for studentar med nedsett funksjonsevne har vore vektlagt. LMU har vore medarrangør av "Tett på konferansen". Høgskulen har eit godt system for å legge til rette for studentar som har behov for særskild tilrettelegging i studiesituasjonen og ved eksamen. Høgskulen har handlingsplan for studentar med funksjonshemmingar og beredskapsplan for kriser og krisehandtering, og samarbeider med Studentsamskipnaden og NAV om prosjektet Studier med støtte.

Høgskulen samarbeider godt med studentorganisasjonane om studiestart. I Kvalitetsundersøkinga 2012 meinte 90 % av dei nye studentane at dei vart tatt imot på ein open og inkluderande måte. Studentane var nøgde med studiestart og førstesemester. Nye studentar ønskjer å kome raskt i gang med studia, 44% meinte det gjekk for lang tid før dei kom i gang med det faglege arbeidet. Dette vil høgskulen arbeide med framover.

Kandidatundersøkinga 2012 syner at kandidatane trivst svært godt ved høgskulen, men at arbeidstilhøve og velferdstilbod kan verte betre. Studentsamskipnaden opna nye bustader for om lag 50 studentar våren 2012, og innflytting i Høgskulebygget har betra arbeidsforholda for studentane betydeleg. Det er forventa at dette vil syne att i neste års kandidatundersøking.



## 1.8 Verksemdsmål

### Ferdige kandidatar frå HiSF skal lukkast på arbeidsmarknaden

#### 1.8.1 Styringsparametrar

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2012
Andel kandidatar som oppgir at dei har opplevd det som "ikkje vanskeleg" å koma inn i arbeidsmarknaden eit halvt år etter avslutta utdanning*	57%	53%	60%	64%	60%
Andel kandidatar i jobb som seier at utdanninga frå HiSF er svært nyttig i arbeidssituasjonen *	76%	79%	61%	61%	80%

\* Kjelde: Kandidatundersøkingar.

#### Analyse

Kandidatundersøkinga i 2012 viste at 69% av kandidatane var i arbeid og 22 % studerte vidare eit halvt år etter avslutta utdanning. Dei ferdige kandidatane kom litt lettare inn på arbeidsmarknaden enn tidlegare. Det er variasjon mellom utdanningane, og særleg dei profesjonsutdanna fekk seg lett arbeid. Halvparten av kandidatane hadde arbeid i Sogn og Fjordane. Det er variasjon mellom utdanningane, men tal kandidatar som sa at utdanninga var svært nyttig for arbeidet er lægre enn forventa. Høgskulen ønskjer å følgje dette opp mellom anna med meir bruk av studienemnder med ekstern deltaking.

Høgskulen har etablert eit nytt karrieresenter i Høgskulebygget med sikte på tettare kopling mellom studentar og arbeidsliv. Det vart arrangert ei vellukka karrieremesse i høgskulebygget hausten 2012 med ulike kurstilbod, deltaking frå offentleg og privat næringsliv og stor oppslutning frå studentane.

Etableringa av RSA styrkar arbeidet med å formulere relevante læringsutbytte og kontakten med arbeidslivet.

## Risikovurdering av sektormål 1 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	K	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/ Kommentarar
1	Risiko for å mislukkast med god studentrekruttering til alle utdanningar – og å styrke rekrutteringa på den nasjonale marknaden.	2	5	10	<p>Færre studentar gir reduserte inntekter og dårlegare inntakskvalitet.</p> <p>HiSF kan leve med ein rekrutteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege.</p> <p>Grunnskulelærer-utdanninga representerer ei særskild utfordring med omsyn til rekruttering.</p> <p>Risiko for manglande rekruttering til dei nye masterutdanningane</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avlyse studium med dårleg rekruttering, samordne undervisning.</li> <li>• Vurdere marknadsførings-tiltak til restetorget og utdanningar på den nasjonale marknaden og vidareutdanningar.</li> <li>• Utvikle studium som kan tilbydast med seinare oppstart til andre søkjargrupper t.d. fleire samlingsbaserte studium.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje naudsynt med avlysing</li> <li>• Ikkje aktuelt. Styrka nasjonal del</li> <li>• Ikkje aktuelt</li> </ul>
2	Risiko for at studentane skal mislukkast med utdanningane, lågare gjennomstrøyming og større fråfall.	2	5	10	<p>Med fleire studentar per fagtilsett, kan den pedagogiske kvaliteten synke, og tid til rettleiing og tett oppfølging og forskning kan verte redusert.</p> <p>Strykprosenten kan gå opp i eit eller fleire emne.</p> <p>Studentane kan få mindre tid til å studere pga arbeid.</p> <p>Studiepoengproduksjon per student og ekvivalent kan verte redusert.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere og samordne fagtilbodet slik at det vert tilstrekkelege faglege ressursar til dei studia som skal gjennomførast.</li> <li>• Utvikle studie- og emneplanar som set krav til studentaktive arbeidsformer, bruk av arbeidskrav.</li> <li>• Følgje opp studentar tettare.</li> <li>• Nytte studentstyrte kollokvie-grupper og studentassistentar.</li> <li>• Kontakte studentar med svake resultat med sikte på auka studieaktivitet.</li> <li>• Tilpasse aktivitet på grunn av reduserte inntekter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje aktuelt. Høg produksjon pr. heiltids-ekvivalent</li> <li>• Løpande prosess. God gjennomstrøyming av studentar i forhold til andre høgskular</li> <li>• Vi har tett oppfølging av studentar</li> <li>• Ikkje blitt gjort i dette studieåret</li> <li>• Ikkje naudsynt</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	K	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/ Kommentarar
3	Risiko for å mislukkast i å vidareutvikle attraktive, yrkesnære utdanningar og tilby masterutdanningar på sentrale utdanningsområde.	1	5	5	<p>Høgskulen kan mislukkast med å tilby grunnskulelærer-utdanningar med tilstrekkeleg fagleg breidde.</p> <p>Utviklinga av dei nye helseutdanningane kan verte krevjande med endringar som følgje av samhandlings-reforma.</p> <p>Mastersøknadene kan verte nekta akkreditering eller etableringsløyve.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere opptak annankvart år til GLU-utdanningane.</li> <li>• Vurdere å tilby fleire fag i GLU utdanningane.</li> <li>• Vurdere større fagleg samarbeid innan UH – nett Vest om GLU-utdanningane.</li> <li>• Halde tett kontakt med kommunane og Helse Førde.</li> <li>• Vurdere å omarbeide søknaden, inngå samarbeid med andre, eller avbryte mastersatsinga for den aktuelle masteren.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er satt i verk</li> <li>• Ikkje aktuelt</li> <li>• Ikkje naudsynt</li> <li>• Har hatt tett kontakt</li> <li>• Har fått to master akkrediteringar</li> </ul>
4	Risiko for at høgskulen sine studium ikkje vert forskingsbaserte og held høg fagleg og pedagogisk kvalitet.	3	4	12	<p>Rekruttering av fagtilsette med høg fagkompetanse er utfordrande i nokre fagmiljø, sjølv om rekruttering av kompetente fagtilsette har blitt enklare.</p> <p>Studentevalueringar kan gi signal om dårleg pedagogisk kvalitet.</p> <p>Pedagogisk kvalitet kan verte redusert gjennom bruk av video- og samlings-baserte utdanningar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for individuell kompetansebygging for fagpersonale med lægre kompetanse enn ønskjeleg.</li> <li>• Tilsetje i toar-stillingar.</li> <li>• Pålegge formell basiskompetanse i pedagogikk for lærarar som manglar dette.</li> <li>• Omfordele arbeidsoppgåver slik at fagtilsette med svake undervisnings- eller forskingsresultat får andre oppgåver.</li> <li>• Tilby betre utstyr og setje inn kompetansetiltak.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Blir gjort løpande</li> <li>• Blir gjort løpande</li> <li>• Blir vurdert løpande</li> <li>• Blir vurdert løpande</li> <li>• Nytt utstyr i det nye Høgskule-bygget</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	K	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/ Kommentarar
5	Risiko for svekka engasjement for internasjonalisering, som kan gje dårlegare kvalitet på HiSF sin faglege aktivitet.	2	4	8	Engasjementet varierer mellom fagmiljøa. Internasjonalisering kviler på nøkkelpersonar. Desse kan slutte, eller søkje seg over i andre arbeidsoppgåver. Internasjonale nettverk kan forsvinne dersom nøkkelpersonar sluttar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pålegge fleire fagtilsette til å orientere seg internasjonalt.</li> <li>• Organisere seminar og fagleg aktivitet som kan trekkje til seg internasjonale partnarar.</li> <li>• Legge til rette for student- og lærarmobilitet gjennom stipend og avtalar med attraktive institusjonar.</li> <li>• Auke leiar- og styringsfokus på arbeid med internasjonalisering av utdanning og forskning.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Internasjonalisering er i fokus i ny oppdatert strategiplan</li> <li>• Internasjonal deltaking på konferansar</li> <li>• Har blitt gjort</li> <li>• Gjennom etablering av internasjonalt leiarforum</li> </ul>
6	Risiko for svekka studiekvalitet og mindre oppfølging av studenten.	2	5	10	Brei studieportefølje og fleire studentar per tilsett har gitt utfordringar med tanke på studiemiljøet og oppfølging av enkeltstudenten. Store førelesingar kan svekke kontakt med faglærarar. Studentane etterlyser meir forskingsbaserte utdanningar. Dersom studentane vert mindre nøgde, kan det føre til svekka omdømme.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Syte for tilstrekkeleg ressursar til undervisning og tilbakemelding til studentar.</li> <li>• Ta studentane på alvor gjennom å synleggjere meir av den faglege verksemda.</li> <li>• Mobilisere fagtilsette og samarbeide med Studentparlamentet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har blitt gjort</li> <li>• Fokus på forskingsbasert undervisning</li> <li>• Har blitt gjort</li> </ul>

## Sektormål 2

---

### **Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet**

#### **Innleiande strategiske merknader**

Styrking av fou-verksemnda ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått stor merksemd i 2012. Ein midtvegsrevisjon av Strategisk Plan 2010-2014 sette fast ein ambisjon om høg vitenskapleg publisering, og denne vart utgangspunktet for ein ny «Strategi for forskning- og utviklingsarbeidet ved HiSF». Strategien som har vore drøfta i styret, i leiargruppa og sendt på høyring i organisasjonen hausten 2012, legg vekt på ei auka satsing på eksterne forskingsmidlar frå NFR, meir fokus på kompetanseheving av tilsette, og konkrete verkemiddel i form av fire ulike typar fou-stipend. Strategien inneheld ei tydeleggjering av roller og ansvar for fou i organisasjonen. Styret vedtok strategien 7. februar 2013.

Strategiarbeidet vert følgt vidare opp i 2013 gjennom ei evaluering og ny utlysing av strategiske forskingsgrupper som skal gje spissa og konsentrert fou-innsats på nokre utvalde områder. Høgskulen vil og arbeide vidare med å styrke rammevilkåra til fou-aktive tilsette i den planlagde revisjonen av ressursfordelingsmodellen i høgskulen som ligg til grunn for tildeling av fou-tid.

#### **Innleiande resultatmerknader**

Høgskulen kan vise til gode fou-resultat i 2012, og særskilt gjeld dette utteljing på to store søknader mot Norges forskingsråd (NFR) der HiSF står som prosjektansvarleg institusjon; «Lærande regionar» gjennom PRAKUT, og «The ASK-project» («Active Smarter Kids») gjennom SHP-utlysinga (Strategiske høgskuleprogram). Begge prosjekta er innan særleg viktige satsingsområder i høgskulen, og vil gje vesentleg bidrag til kunnskapsfronten, god utteljing både i publikasjonspoeng, kompetanseheving og eksterne inntekter til høgskulen dei neste åra. Prosjekta er store samarbeidsprosjekt med andre nasjonale og internasjonale institusjonar.

Talet publikasjonspoeng hadde ei sær positiv auke i 2012, men høgskulen ligg framleis ein del under snittet blant statlege høgskular, og vil framleis fokusere på å få betre utteljing for fou-resultata i form av publikasjonspoeng. Det har også vore ei lita auke i tal årsverk av UFF-stillingar som er førstestillingar, men ein liten reduksjon på talet tilsette i seniorstillingar. Høgskulen har hatt fleire søknader inne til Forskringsrådet og Regionalt Forskningsfond Vestlandet og hatt god utteljing på desse søknadene. Deltaking i EU-prosjektet SECRE har gjeve verdifull internasjonal erfaring og eit godt internasjonalt kontaktnett.

#### **Merknader til særskilte prioritering av økt forskingsinnsats i realfag, teknologifag og profesjonsfag**

Høgskulen har i 2012 styrka forskingsinnsatsen innan ingeniørfag ved høgskulen med ei ny stipendiatstilling med tema «Experimental evaluation and performance modelling of systems based on Services Oriented Architecture». Høgskulen har og prioritert ein av tre søknader til SHP-utlysinga i NFR frå realfagsområdet geologi. I tillegg har vi strategiske forskingsgrupper som skal styrke forskingsinnsatsen innan profesjonsfag på temaene profesjonsforskning, læringsforskning, samt eit eige senter for helseforskning. Ein har og sendt søknader til

praksisnære forskingsprogram i Norges forskingsråd (NFR) som PraksisVEL og PRAKUT (Praksisretta utdanningsforskning) for å styrke denne forskingsinnsatsen.

## 2.1 Verksemdsmål

**HiSF skal vere blant dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling.**

### 2.1.1 Styringsparameter: HiSF skal oppnå minst 50 publikasjonspoeng.

Styringsparametrar	Resultat					Mål
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Publikasjonspoeng	20,6	35,9	38,7	38,4	51,3	50
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,12	0,20	0,21	0,20	0,26	0,26

(Tala for 2012 er førebelse tal)

Høgskulen har som revidert målsetting i Strategisk Plan at ein skal vere ein høgskule med høg vitenskapleg publisering. Talet publikasjonspoeng har auka monaleg det siste året, med ein auke frå 38,4 til 51,5 poeng. Høgskulen har stimulert 5 ulike forskingsområder og ei senteratsing med forskingsleiingsressursar for å stimulere til fagleg samarbeid, men har i påvente av ny strategiplan for fou-arbeidet utsatt evalueringa av forskingsgruppene til våren 2013.

Høgskulen fekk innvilga to store forskingsrådsprosjekt i 2012 som enno ikkje gjev utteljing i statistikken over publikasjonspoeng. Fleire avdelingar har hatt eit stor auke i publiseringspoeng dei siste åra – i hovudsak grunna fleire tilsette med forskarkompetanse, meir nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid og eit auka fokus på å gje fou-tid til tilsette basert på vitenskapleg publisering og eksternfinansierte oppdrag.

## 2.2 Verksemdsmål

**HiSF skal utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor fagområda på høgskulen.**

### 2.2.1 Styringsparameter: Resultatoppnåing på forskning i forhold til sin eigenart.

Høgskulen har styrka forskingsinnsatsen på dei områda der ein har mastergradsutdanning, og to av tre søknader til SHP-programmet i NFR vart sendt inn frå desse områda. Den siste SHP-søknaden var innanfor eit område der HiSF har eit særleg geografisk fortrinn med nærleik til isbrear som eit naturleg laboratorium for forskning. Desse områda kjenneteiknast med høg professor- og førstekompetanse. Vidare har ein gjennom ein ny mastergrad i Samhandling satt saman eit godt tverrfagleg forskningsteam for å særskilt styrke forskingsinnsatsen på dette området. Høgskulen har vore ein aktiv søker til nye prosjekt i regi av NFR på desse områda, og har knytt til seg eit sterkt nasjonalt og internasjonalt nettverk i dette arbeidet.

Avdelingane arbeider også godt med å styrke forskingsinnsatsen gjennom tilsettingar, kursaktivitetar, rettleiing og utvikling av faglege nettverk.

Avdeling for helsefag (AHF), Avdeling for lærarutdanning (ALI) og Avdeling for samfunnsfag (ASF) har under utarbeiding eit eige forskingsprogram knytt til masterutdanninga innan samhandling, og Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI) har knytt fou verksemda tett opp til masterprogrammet i idrett. Avdeling for ingeniør og naturfag (AIN) starta opp ei masterutdanning «Landscape Planning» i 2012. Det er ikkje etablert eit eige forskingsprogram knytt til denne, men faggruppa er svært forskingsaktive. AIN arbeider

også med å etablere eit felles fou-program innan energi, ressursar og miljø, samt etablering av eit felles masterprogram på dette området.

Mange av fou-prosjekta involverer samarbeid med lokalt og regionalt samfunns- og arbeidsliv. På helsesida vart det i 2008 formalisert eit samarbeid med Helse Førde gjennom Senter for helseforskning. I 2012 vedtok dei 26 kommunane i fylket at dei ville vurdere å knytte seg til senteret på lik line med HiSF og Helse Førde. Ei prosjektgruppe vil i løpet av 2013 utgreie moglegheitene for samarbeid om fou knytt til helse. I dei to NFR prosjekta som fekk tilslag i 2012 har begge tilslutnad og deltaking frå kommunar i fylket.

Ved AIN er det meste av fou-aktiviteten anten knytt opp mot lokalt/regionalt samfunns- og arbeidsliv, eller at dei nyttar dei naturgitte føresetnadane for forskning innan økologi, geofare og fornybar energi. Til dømes har avdelinga saman med NVE delteke i oppbygginga og etableringa av eit nasjonalt undersøkingsområde for lausmasseskred og snøskred ved Anestølen.

Det er søkt eksternfinansiering til ein rekke prosjekt. AHF sendte seks søknadar, tre som prosjekteigar og tre som samarbeidspart. Ein av søknadane gjekk til NFR. Avdeling for samfunnsfag (ASF) sendte søknader til både NFR (som SHP-prosjekt med avslag) og til RFF (tilslag).

Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI) sendte to større NFR-søknader i samarbeid med Avdeling for samfunnsfag og Avdeling for helsefag; Lærande regionar fekk gjennomslag på PRAKUT, medan «ASK» fekk gjennomslag som strategisk høgskuleprosjekt. ALI har elles fått gjennomslag på søknader frå mellom anna NORAD, Utdanningsdirektoratet – både ei satsing på ungdomssteget og eit oppdrag for å bygge opp ei ny nasjonal leiarutdanning for lærarar - "Leing i skulen", og fått eksterne midlar både frå Fylkeskommunen og Sparebanken Vest.

Hjå AIN vart det sendt fem søknadar om eksterne midlar i 2012. To av desse til NFR (Ein SHP søknad og ein søknad til NORKLIMA). Begge søknadane fekk gode tilbakemeldingar frå review panelet, men diverre ikkje tilslag.

Avdelingane har arbeidd godt med å styrke internasjonale relasjonar. Dette skjer mellom anna gjennom deltaking på internasjonale kongressar, studietur, eigen internasjonal konferanse innan sjukleg overvekt med meir. . Konkret har dette resultert i ei tilknytta førsteamanuensisstilling ved AHF, Ronette Kolotkin frå USA, som er eit verdifult bidrag til forskingssatsinga innan sjukleg overvekt. ASK-studien (Active, Smarter, Kids) har også knyttet til seg dei fremste forskarane internasjonalt i eit «advisory board». Nasjonalt arbeider ein godt gjennom UH-Nett Vest, NORDPLUS student og lærarutveksling, Senter for omsorgsforskning for å nemne nokre. NEON konferansen – nettverk for organisasjonsforskning – vart i 2012 lagt til Sogndal og var eit særskilt vellukka arrangement. AIN har også eit omfattande nasjonalt og internasjonalt fou-samarbeid og deltek m.a. i nasjonale konsortium (CENSes) innan fou på fornybar energi. Avdelinga har tilsette frå sju ulike nasjonar (Storbritannia, USA, Bangladesh, Tyskland, Polen, Danmark, Norge) og lang erfaring med undervisning av utanlandske studentar. Dette vurderast som eit godt fundament for etablering av ein felles engelskspråkleg mastergrad innan energi, ressursar og miljø.

## 2.3 Verksemdsmål

**HiSF skal vere i den nasjonale forskingsfronten på nokre utvalde område.**

**2.3.1 Styringsparameter: HiSF skal til saman søke minst 10 nasjonale eller regionale forskingsprosjekt mot NFR.**

Høgskulen sendte ni søknader til NFR og Regionalt Forskningsfond i 2012; sju av dei var med HiSF som prosjektansvarleg (tilslag på to prosjekt), og to var som samarbeidspartnar (tilslag på begge prosjekta).

**2.3.2 Styringsparameter: HiSF skal ha tilslag på minst 2 forskingsprosjekt mot NFR med samla prosjektvolum på minst 5 millionar kroner.**

Styringsparametrar	Resultat					Mål
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Tildeling av midlar (NFR) (i 1000 kr)	-	1675	3154	1567	6643	5000
Tildeling av midlar per fagstilling (i 1000 kr)	-	9,3	17,2	8,1	34,2	26,3

Høgskulen fekk tilslag på fire prosjekt mot NFR og RFF i 2012, og der to er med HiSF som prosjektansvarleg. Eitt av desse prosjekta startar opp først i 2013, og vil difor ikkje telje med på statistikken over tildelte midlar for 2012. Søknadsprosessane mot NFR har vore godt oppfølge i utlysinga mot SHP, mens for andre søknadsutlysingar har oppfølginga vore på førespurnad frå fagmiljøa. Høgskulen vil i 2013 ha enno meir fokus på å legge til rette for søknadsskriving på arbeidsplanane; både gjennom eit eige såkornsfond for frikjøp frå undervisning, og med ulike fou-stipend som skal gje meir samanhengande tid til fou-arbeid.

## 2.4 Verksemdsmål

**HiSF skal delta på den internasjonale forskingsarenaen.**

**2.4.1 Styringsparameter: HiSF skal til ei kvar tid delta i minst 1 forskingsprosjekt mot EU med eit samla prosjektvolum på minst 500 tusen kroner.**

Styringsparametrar	Resultat					Mål
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
EU-midlar (1000 kr)	-	7795	0	0	319	500
EU-midlar per UFF-stilling (kr)	-	16	0	0	1,6	2,6

Høgskulen har i 2012 delteke i EU-prosjektet SECRE med 810 arbeidstimar. Det har ikkje vore nye søknadar om EU-prosjekt i 2012.



## **2.5 Verksemdsmål**

### **HiSF skal involvere studentar i forskings- og utviklingsarbeid.**

#### **2.5.1 Styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning.**

Høgskulen har hatt merksemd på forskingsbasert undervisning i 2012, og dette var mellom anna tema for «Tett-på»-konferansen mellom leiarane i høgskulen og studentrepresentantane våren 2012. Det har vidare og vore tema i fou-utvalet for å finne tiltak til å stimulere meir involvering av studentar i forskingsarbeid. Gjennom etableringa av nye mastergradar ved høgskulen dei siste åra har studentinvolveringa i forskingsprosjekt auka, og dette arbeid skal styrkast i høgskulen framover.

Ved bachelor i sjukepleie er det ulike prosjekt der studentar deltek i forskings- eller utviklingsarbeid under leiing av fagtilsette ved AHF. Alle prosjekta er utvikla og vert gjennomførte i nært samarbeid med eksterne samarbeidspartar. Fleire av prosjekta er igangsette i 2012, og er ein del av utviklinga av strategisk viktige område ved AHF. Det siste året har det skjedd ei betydeleg utvikling når det gjeld studentinvolvering i FoU ved AHF. Ved Master i samhandling vert det arrangert felles seminar for forskarar og studentar der ei av målsettingane er at studentar skal involverast i eksisterande HiSF-prosjekt.

Avdeling for samfunnsfag (ASF) nytta i 2012 ei studentgruppe til å samle empiri i eit forskingsprosjekt om småskala opplevingsturisme. Arbeidet vart utført på seinsommaren og tidleg haust. Studentane skal skrive ei bacheloroppgåve om dette våren 2013.

I samband med gjennomføring av bacheloroppgåver vert studentane ved AIN trekt inn i FoU-arbeid. Avdelinga vil arbeide vidare med å inkludere studentar i fou-arbeidet - særskilt gjennom rettleiing av masteroppgåver. AIN har saman med studentrådet på avdelinga gjennom heile året arrangert «Vafler og fag», korte seminar der tilsette presenterer forskingsprosjekt som dei er involverte i.

#### **2.5.2 Styringsparameter: HiSF skal stimulere til forskingsbasert læring gjennom å publisere resultat frå minst 2 prosjekt-, bachelor- eller masteroppgåve ved høgskulen.**

Fleire studentprosjekt har bidrege med data og empiri til publikasjonar frå høgskulen i 2012, men det har ikkje vore studentar som har vore medforfattarar på publikasjonar.

Mastergradssatsingane i høgskulen vil legge betre til rette for dette framover. Avdeling for helsefag har tre ikkje-fagfelleverderte publikasjonar i tidsskrift og ein presentasjon på internasjonal konferanse basert på resultat frå studentprosjekt. Avdeling for lærarutdanning har fire publikasjonar som er basert på studentarbeid og fire masterstudentar knytt til fou-prosjekt.

## **2.6 Verksemdsmål**

### **HiSF skal ha høg fagleg og forskningsetisk kvalitet blant tilsette og på forskning- og utviklingsarbeid.**

HiSF vil ferdigstille ein omfattande revisjon av kvalitetssystemet for forskning i 2013 med særskilt vekt på etikk, personvern og IKT-tryggleik i samsvar med mellom anna Lov om medisinsk og helsefagleg forskning og Personopplysningslova.

Høgskulen vektlegg forskingskompetanse ved tilsetjing i nye fagstillingar under føresetnad av at vedkomande har tilfredsstillande undervisningskompetanse og formidlingsferdigheiter. Det kan vere vanskeleg å rekruttere fagtilsette med forskingskompetanse som har profesjonsutdanning i botn.

### **2.6.1 Styringsparameter: HiSF skal publisere nytt og originalt arbeide i vitenskaplege publikasjonar og følgje etablerte forskingsetiske retningslinjer.**

Tilsette ved høgskulen har høg fagleg og metodisk kvalitet på arbeidet, og får dette publisert i renommerte internasjonale tidsskrift. Det har vore ei sak ved høgskulen i 2012 der ein forskingsrapport er blitt klaga inn til Nasjonal Etisk komité for Samfunnsvitskap og Humaniora (NESH) for å avklare om HiSF har hatt tilstrekkeleg empirisk grunnlag for konklusjonane i rapporten. Denne saka blir avklara i mars 2013.

HiSF slutfører ein omfattande revisjon av kvalitetssystemet for forskning i 2013.

### **2.6.2 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 2 fagtilsette som får opprykk til førstelektorstillingar kvart år.**

Det har vore fem opprykk til førstelektorstilling i 2012; to ved ved AHF, to ved ALI og ein ved ASF.

Avdeling for lærarutdanning og idrett deltek og i førstelektorprogram organisert gjennom UH-nett Vest.

### **2.6.3 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 1 opprykk eller 1 ny tilsett som professor eller dosent kvart år.**

Det har vore naturleg avgang på grunn av alder blant dosentstillingane ved høgskulen i 2012. Ein professor har teke imot ny hovudstilling ved eit universitet og er no tilsett i høgskulen som professor II. Høgskulen har difor ikkje nådd målsettinga om minst eitt opprykk eller nyttilsetjing i seniorstillingar i 2012. Gjennom ny strategi for fou-arbeidet ved høgskulen er det lagt opp til særskilte kvalifiseringsstipend for tilsette som kan kvalifisere seg til opprykk til professor- eller dosentstillingar innan 3 år.

### **2.6.4 Styringsparameter: HiSF skal ha knytt til seg minst 10 professor II stillingar til ei kvar tid, og alle avdelingar skal ha knytt til seg slik kompetanse.**

Høgskulen har tilsett 13 bistillingar som professor II eller førsteamanuensis II, og alle avdelingar har slik bistilling tilknytt fagmiljøet. Avdeling for helsefag har seks II-ar stillingar tilsett i 2012 derav ein ny. Avdeling for lærarutdanning og idrett har fem II-ar stillingar i 2012 derav to nye. AIN har hatt to professorar i II-ar stillingar i 2012.

## **2.7 Verksemdsmål**

### **HiSF skal ha god gjennomstrømming på doktorgradskandidatar (Sektormål 1).**

#### **2.7.1 Styringsparameter: Del uteksaminerte kandidatar tatt opp på doktorgradsprogram seks år tidligare.**

Styringsparametrar	Resultat					Mål
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Doktorgradsdisputasar	3	3	3	4	1	5

Det har kun vore ein doktorgradsdisputas ved HiSF i 2012 der doktorgradsstipendiaten har hatt tilsetjingsforhold ved høgskulen under doktorgradsperioden. Det har likevel lukkast høgskulen å rekruttere nytilsette som har disputert etter at dei har vorte tilsette, samt at det er mange doktorgradskandidatar som ligg godt an til å disputere i 2013. Det er difor ikkje veldig urovekkande at dette talet er særskilt lågt i 2012.

### 2.7.2 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 2 doktorgradskandidatar finansierte med eksterne midlar til ei kvar tid.

Høgskulen har i 2012 hatt 3,5 eksterntfinansierte doktorgradskandidatar. Tilslaget på nye NFR-prosjekt vil auke denne delen vesentleg i åra som kjem.

### Risikovurdering av sektormål 2 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
1	Særskilt produktive tilsette sluttar.	3	4	12	Nøkkeltilsette med spisskompetanse og som driv fagmiljø med høg grad av publisering sluttar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre gode rammevilkår for nøkkeltilsette mtp løn, forskningstid, fleksibilitet.</li> <li>Etablere robuste fagmiljø mindre avhengige av enkeltpersonar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein nøkkeltilsett slutta i 2012, er tilsett som professor II</li> </ul>
2	Låg publiseringsgrad for forskarar.	3	3	9	<p>Sannsyn: Det er naturlege svingingar i publikasjonspoenga av di fagtilsette ikkje publiserer kvart år. Målet er å stabilisere talet på publiseringspoeng på eit høgt nivå.</p> <p>Konsekvens: Midlertidige svingingar vil gje moderate utslag gjennom RBO av midlar, og tape litt av HiSF sitt renommé som eit utdanningsinstitusjon med høgt vitenskapleg nivå.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Aktiv bruk av handlingsplanen for vitenskapleg publisering, fleire kurs i vitenskapleg skrivning.</li> <li>Fleire tilsette i førstelektorløp.</li> <li>Fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar.</li> <li>Auka fokus på rapportering i CRISTIN.</li> <li>Sjå på mekansimar for å legge til rette for nokre forskingsfelt kan komme opp på eit særleg høgt nivå, og gjennom dette ha høg publikasjonsrate.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>God publiseringsauke i 2012. Ekstratiltak har ikkje vore naudsynte, men det har vore eit ekstra fokus på rapportering i CRISTin.</li> </ul>
3	Låg tildelingsprosent ved søknader til NFR.	3	3	9	Treffprosenten ved søknader til NFR er ca 27%, og er høgare i programma enn ved søknader om fri prosjektstøtte (12%).	<ul style="list-style-type: none"> <li>I hovudsak rette søknader mot program i forskingsrådet for høgare utteljing.</li> <li>God kollegarettleing og erfaringsutveksling ved søknadsutforming.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>God tildelingsprosent til NFR. Ekstratiltak ikkje nødvendige i 2012</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
4	Liten kompetanseheving blant fagtilsette.	2	3	6	Kompetanseheving skjer gjennom førstelektorqualifisering, doktorgradsarbeid, tildeling av forskningstid, og ved tilsettingar med vekt på forskingskompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføring av strukturerte program for kvalifisering til førstelektor med forankring i organisasjonen.</li> <li>• Vekt på forskingskompetanse ved tilsetjingar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God kompetanseheving i 2012. Middels rekruttering av nyttilsette med førstekompetanse.</li> </ul>
5	Låg gjennomstrømming av doktorgradstipendiatar.	2	3	9	Låg gjennomstrømming er gjerne med bakgrunn i lite publisering, og kan binde opp tilsette i vanskelege arbeidssituasjonar over tid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God oppfølging av progresjon og rammevilkår for doktorgradstipendiatar ved HiSF.</li> <li>• Tidlige tiltak for å få kandidatar til å levere til rett tid.</li> <li>• Kurs/seminar for rettleiarar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kun ein disputas, men mange er i rute for disputas i 2013. Vidare oppfølging av rammevilkåra for PhD-studentane ved høgskulen</li> </ul>
6	Kvalitet av fou-arbeidet ved høgskulen	2	4	8	Fou-arbeidet ved høgskulen skal vere av høg vitenskapleg kvalitet og følgje god forskingsetikk standardar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvalitetssikre fou-verksemda i høgskulen gjennom fagfelle-vurderingar</li> <li>• Sikre at tilsette har god kjennskap til forskingsetiske retningsliner</li> <li>• God fagleg og etisk rettleiing av stipendiatar ved høgskulen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høg vitenskapleg og fagleg kvalitet, og ei auke av del publikasjonar i nivå-2 kanalar.</li> <li>• Ei forskingsetisk problemstilling som har vore tett følgt opp av leiinga.</li> </ul>

## Sektormål 3

### **Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.**

#### **Innleiande kommentarar**

Høgskulen har i 2012 hatt ein relativ stabil inntekt frå BOA utanom EU og NFR samanlikna med tidlegare år, og det har vore tilfredsstillande volum på denne aktiviteten. Den er likevel prega av mange små prosjekt for ulike oppdragsgjevarar, og det er ynskjeleg at ein greier å utvide dette aktivitetsvolumet framover utan å auke talet på prosjekt monaleg. Høgskulen har og hatt ei auke i forskingsresultat som er registrerte i CRISStin; både vitenskaplege og populærvitenskaplege formidling av fou-resultat har auka. Samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv har vore godt i 2012, og spesielt samarbeidet med offentlege forvaltningsaktørar innan lærarutdanninga, helsefagutdanninga og velferdsutdanningane har vore godt. Det er og svært gledeleg at høgskulen starta eit nytt samarbeid med energibransjen i Sogn og Fjordane som gav oppstart av eit nytt studium i Energi, elkraft og miljø i 2013.

#### **3.1 Verksemdsmål**

##### **HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.**

##### **3.1.1 Styringsparameter: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR.**

Styringsparametrar	Resultat					Mål
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
BOA1 utanom EU og NFR (1000 kr)	7866	10649	13648	13252	13501	15000
Andelen BOA i forhold til samla driftsinntekter (%)	3,1	4,1	4,8	3,8	4,5	4,9

1) Merk at tal og målsettingar for BOA er gjennomgåande endra i tabellen frå tidlegare rapporteringar for å samsvare betre med KD sin bruk av tal i sektoranalysen.

Den eksternfinansierte verksemda har vore stabil i høgskulen dei siste åra. Det er likevel von om auke i denne aktiviteten framover, og særskilt innanfor eit nytt forskingsprogram for innovasjon og verdiskaping i reiselivet som er under oppstart saman med Vestlandsforskning.

Avdeling for lærarutdanning og idrett har i fleire tiår hatt som sjølvstendig strategi å ha ein vesentleg del av dei tilsette (ca. 10) gjennom eksterne oppdrag. Dei viktigaste oppdragsgjevarane var i 2012 Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og kommunane (mindre prosjekt).

##### **3.1.2 Styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.**

Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen (Næringsforum, Utviklingsavtalen), Fylkesmannen (Stat-næring-samarbeidet), kommunar (Senter for helseforskning, søknader til PraksisVEL, Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester), NAV (nytt forskingsnettverk i regi av UH-nett Vest på tenester tilknytta NAV), Helse Førde (senter for helseforskning, [www.samhandlingsbarometeret.no](http://www.samhandlingsbarometeret.no) og etablering av samarbeidsprosjekt på metabolikk) og

Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter gjennom Senter for helseforskning og forskning på sjukleg overvekt.

Eitt døme på eit samarbeid med praksisfeltet er prosjektpraksisen som tredjeårsstudentane på vernepleieutdanninga har. I framkant av praksis vert det kartlagt kva prosjekt kommunane ynskjer å få gjennomført. Studentane vert delt inn i grupper der dei arbeider under rettleiing av ein person frå prosjekteigar(eks kommunen) og ein frå høgskulen.

Døme på resultat frå denne type samarbeid er oppsett av ei kunstutstilling i Bergen, der kunstnarane var psykisk utviklingshemma. Dette prosjektet vart publisert som ein fagartikkel i tidsskriftet Rapport. Eit anna prosjekt var etablering av Snoezelen senter i Florø kommune.

Høgskulen har viktige samarbeidsprosjekt med energibransjen i Sogn og Fjordane og nasjonalt (deltakar i FMEen CENSES) med ekstern finansierte doktorgradsstipendiatar og forskingsprosjekt. Det er og eit godt etablert prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor fleire utvalte område som har blitt styrka i 2012. Høgskulen har delteke aktivt i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid og arbeidsdeling både innanfor utdanning og forskning, samt gjennom opprettinga av nye forskingsnettverk (nynorsk, rusforskning). Høgskulen og styrka det internasjonale arbeidet gjennom deltaking i EU-prosjekt SECRE.

Høgskulen har skipa til konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv i 2012, og arrangerer kvart år Næringslivskonferansen med stor næringslivsdeltaking frå heile fylket. Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) har hatt møte i 2012, og vil spele ei viktigare rolle i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv framover. På bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium har det likevel vore ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet i regionen ytterlegare.

### **Styringsparameter: Fleksibel utdanning**

HiSF har sidan etableringa i 1994 hatt eit nært og godt samarbeid med næringsliv og kommunar i Sogn og Fjordane. Høgskulen har gjennom dette samarbeidet tilbydd fleksibel utdanning for fleire tusen studentar som har kombinert utdanning med arbeid. Tilboda har i hovudsak vore knytt til profesjonsutdanningane, både gjennom tilbod om grunnutdanningar på deltid og vidareutdanningar skreddarsydd for praksisfeltet. Rekruttering til desse utdanningane har i hovudsak vore lokalt frå Sogn og Fjordane, men ein ser og at nokre av tilboda er populære for studentar utanfor fylkesgrensa. I 2012 har det vore lyst deltid/samlingsbaserte studium innan barnehagelærar, grunnskulelærar og sjukepleie gjennom Samordna opptak.

## **3.2 Verksemdsmål**

### **HiSF skal formidle resultatata frå forskning og utviklingsarbeid til samfunnet.**

#### **3.2.1 Styringsparameter: HiSF skal formidle resultat frå alle fou-prosjekt til samfunnet.**

Høgskulen har hatt ei auke i registrerte fou-aktivitetar i CRISTin og i talet på saker i media som omhandlar fou i ingress eller overskrift. Særleg har høgskulen markert innflytting i nytt bygg i Sogndal med ope hus under Forskingsdagane med mykje besøk frå skuleklassar og publikum, og har no ei god markering av Forskingsdagane på begge studiestadane i høgskulen; Førde og Sogndal. Høgskulen har hatt mindre fokus på å formidle resultatata frå fou-prosjekt på eigne heimesider i 2012 enn ynskjeleg. Det er no satt i gang eit prosjekt som skal leie fram til nye nettsider for høgskulen. Arbeidet med å legge betre til rette for fou-formidling på dei eksisterande heimesidene har difor vore prioritert lågt. Det har vore ei auke i talet på vitenskaplege artiklar som er publiserte gjennom Open-Access tidsskrift i 2012, og

denne auken skal stimulerast vidare framover gjennom opprettinga av eit eige fond for slik publisering.

I samarbeid med Helse Førde gav Avdeling for helsefag i 2012 ut eit eige forskingsmagasin med ein populærvitskapleg presentasjon av ei rekkje prosjekt. Fedmeforskingsmiljøet i fylket oppretta i 2012 bloggen <http://www.forskning.no/blog/fedmeforskarane>, på nettstaden til forskning.no. Forskingsmiljøa innan fornybar energi og innan historie er og svært aktive på forskning.no. Tilsette publiserar og fleire kronikkar i lokale og regionale aviser og bidreg jamnleg i media på ulikt vis.

### **3.3 Verksemdsmål**

#### **HiSF skal bidra til innovasjon og verdiskaping.**

##### **3.3.1 Styringsparameter: HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.**

Høgskulen har eit tett og nært samarbeid med offentleg sektor gjennom ein kandidatproduksjon der nesten fire av fem kandidatar går inn i offentleg sektor etter utdanninga. Det er difor ei utfordring for nyskaping og innovasjon målt gjennom forretningsidear, patentar og bedriftsetableringar at høgskulen har få direkte næringsretta utdanningar. Høgskulen har dei siste åra ikkje hatt bedriftsetableringar eller forretningsidear som er blitt kommersialiserte. Høgskulen har i 2012 fornya samarbeidsavtalen med Kunnskapsparken som er eit regionalt utviklingselskap for å bidra til kommersialisering av forretningsidear.

Høgskulen samarbeider med Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane om kunnskapsbanken Samhandlingsbarometeret. Denne har som formål å dele lokalt relevante data og informasjon som er samhandlingsrelatert og som kan nyttas som styringsinformasjon og grunnlag for forbetningsarbeid. Dette er ein open og tilgjengeleg teneste som på sikt også kan danne grunnlag for innovative løysingar og nye problemstillingar som kan belyst gjennom fou-arbeid og/eller ulike prosjekt knytta til bachelor- og masterutdanningane.

Høgskulen har stimulert lokalt samfunn- og arbeidsliv til auka innsats mot innovasjon og nyskaping gjennom å aktivt inkludere desse i søknader til NFR og RFF, og ser på innovasjonsmekanismer i eit forskingsprosjekt saman med Vestlandsforskning gjennom VRI. Høgskulen har og særleg engasjerte fagtilsette som jobbar med entrepenørskap i samarbeid med skular og barnehagar. Entreprenørskap er inkludert i grunnopplæring i allmennlærerutdanninga, og avdelinga leiar eit nasjonalt nettverk for dette. I tillegg til ekstern kursverksemd har ALI hatt studentbedrifter i friluftsliv seinare år. Høgskulen tilbyr også vidareutdanningstilbod i rettleiing og entrepenørskap.

Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom det regionale forskingsfondet for vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studietilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entrepenørskap. Høgskulen skal og vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot forskingsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt. Høgskulen skal halde fram som ein aktiv og engasjert partner i VRI Sogn og Fjordane.

## Risikovurdering av sektormål 3 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
1	HiSF opplevast som mindre relevante for næringsliv.	3	4	12	HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningar og fou-prosjekt. Spesielt mot næringslivet i regionen er det ei utfordring å vere tilstrekkeleg relevant med dei utdanningane og fagkompetanse vi tilbyr.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka dialog med næringslivet om behov for kompetanse og fou.</li> <li>• Styrke samarbeidet gjennom UH-Nett Vest og TeknoVest for å tilby ein breiare kunnskapsbase.</li> <li>• Vere ein aktiv kompetansemeklar til kunnskapsmiljø nasjonalt for regionalt næringsliv.</li> <li>• Auke innsatsen for å formidle våre relevante fagmiljø og fou-resultat til næringslivet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen har fleire samarbeidsprosjekt om næringsrelevant utdanning og fou i 2012, og ingen særskilte tiltak er satt i verk på dette punktet.</li> </ul>
2	Lite flinke til allmennretta formidling.	3	3	9	Allmennretta formidlinga og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt gjev ikkje publikasjonspoeng, og kan bli nedprioritert som følge av dette. HiSF skal legge vekt på at alle fou-prosjekt skal formidlast.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plassere ansvar for formidling ved projektoppstart.</li> <li>• Aktiv oppfølging av avdelingar og prosjekt på formidlingsaktivitet.</li> <li>• Aktiv bruk av fou-resultat i undervisning.</li> <li>• Aktiv deltaking på Forskning.no.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Formidling av fou-resultat gjennom eigne nettsider har eit forbettringspotensiale. Arbeid med nye nettsider som legg betre til rette for slik publisering er satt i gang.</li> </ul>
3	Låg tilgang på eksterne midlar.	3	3	9	Eksterne forskingsmidlar finansierar både forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar. Krisa i europeisk økonomi kan ha negativ effekt på midlar frå næringsliv, mens kan stimulere til auke i midlar frå offentleg sektor.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Revisjon av prosjektstyring og kvalitetssikringsrutinane ved HiSF for å sikre at vi leverer høg kvalitet til rett tid i prosjekt mot eksterne oppdragsgevarar.</li> <li>• Gå i tettare dialog med relevant næringsliv og offentleg sektor for å synleggjere HiSF sin kompetanse og relevans for spesielt regionale aktørar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen har hatt relativt godt med eksterne oppdrag i 2012, og ingen ekstra tiltak er satt i verk på dette punktet.</li> </ul>
4	HiSF deltar ikkje i samarbeidsprosjekt med regionale aktørar.	2	3	6	HSF deltek i stor grad i samarbeidsprosjekt av med regionale aktørar, og særleg innan dei profesjonsfelte høgskulen utdannar til. HiSF samhandlar òg i aukande grad med lokalt og regionalt næringsliv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke etablerte relasjonar til samfunns- og arbeidsliv.</li> <li>• Vidareføre etablerte prosjektsamarbeid mot regionalt næringsliv.</li> <li>• Delta aktivt større forskingsnettverk.</li> <li>• Stimulere til meir fou-innsats i regionene gjennom nye satsingar mot NFR.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen er aktivt med i fleire samarbeidsprosjekt, og ingen ekstra tiltak er satt inn på dette punktet.</li> </ul>



## Sektormål 4

### Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla.

#### 4.1 Verksemdsmål

##### Høgskulen skal sikre ein god og effektiv bruk av ressursane

HiSF har dei siste åra betra økonomien gjennom auka studentrekruttering og auka rammeløyvingar frå departementet. Likevel har veksten i tal studentar og satsing på nye studietilbod gjort at vi har måtte planleggje med eit større aktivitetsnivå enn dei økonomiske rammene gjev rom for. Dette vert planlagt dekkja gjennom tidlegare års mindreforbruk og gjennom forventa auke i studiepoengproduksjonen.

I 2012 vart det gjennomført ein stor flytteprosess som involverte alle leigereale som høgskulen disponerte i Sogndal.

Det nye Høgskulebygget på 7 600 m<sup>2</sup> vart teke i bruk ved studiestart hausten 2012. Med dette fekk ein samla høgskulen sine aktivitetar i Sogndal på Fosshaugane Campus. Med større geografisk konsentrasjon av infrastruktur har ein oppnådd betre samhandling og utnytting av ressursane. Dette er byggesteg 2 av 3 planlagde utbyggingar for høgskulen sin aktivitet i Sogndal.

##### 4.1.1 Kvalitativ styringsparameter

Regjeringa legg vekt på at god og effektiv infrastruktur er viktig for forskning og utdanning av høg kvalitet (tildelingsbrev 2012).

##### Analyse

Arbeidet med å møte krava om tidshøveleg og tenleg infrastruktur har helde fram i 2012. Eit av alternativa er at Sogndal Fotball går i gang med eit tredje byggjesteget, og det er ført tingingar med dei for å få til ei slik løysing.

Høgskulen har søkt om auka husleigeramme for å kome i gang med byggesteg 3.

Det er ein risiko for at høgskulen framleis vil vere i ein situasjon der delar av aktiviteten føregår i lite tenlege lokale. Dette kan vere negativt for arbeidsmiljø og trivsel for både studentar og tilsette.

##### 4.1.2 Kvantitativ styringsparameter.

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)			
	2010	2011	2012	Mål 2012
Driftsutgifter pr avlagde 60-studiepoengeining	138	134	137	135
Driftsutgifter pr publikasjonpoeng	7230	7 228	6 298	6 000

##### Analyse

Nivået på driftsutgifter har stige med 8,9% frå 2011 til 2012. Rundt 40% av denne auken kjem frå personalkostnader, medan andre driftskostnader har auka som fylgje av ny husleige for Høgskulebygget.

Driftsutgifter pr avlagde 60-studiepoengering er 1,3% høgre enn måtalet for 2012, og driftsutgifter pr publikasjonpoeng er 5% høgre.

Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer er først og fremst knytt til rekruttering av studentar. Høgskulen har dei siste åra opplevd god studenttilgang på dei fleste studium. Vi må ha stor merksemd på å tilpasse økonomi og aktivitet.

### Status for tiltak

- Det er innført eit elektronisk romplanleggingssystem for å sikre effektiv utnytting av undervisningsareala – TimeEdit.
- Prosjektgruppa som er oppretta for å vidareutvikle digital kompetanse i undervisninga gjennom prosjektet “Digital kompetanse” held fram. Departementet si satsing på eCampus vert del av dette arbeidet.
- HiSF er i kontakt med ein leverandør som har utvikla eit web-basert verkty for arbeidsplanlegging.
- Ein ny modell for ressursfordeling skal vere klar før arbeidet med budsjettet for 2014 tek til.

## 4.2 Verksemdsmål:

**Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv**


### 4.2.1 Kvalitativ styringsparameter

**Vi skal stå fram og vere kjende som ein kompetent, tillitsvekkjande og open organisasjon**

I 2012 vart det gjennomført ei evaluering av Strategisk plan som ført til nokre justeringar. Visjonen at HiSF skal ha landets mest fornøgde studentar og forskning av høg kvalitet.

Det har dei siste åra vore gjort ein del organisasjonsmessige tilpassingar for å kunne møte utfordringar og høge målsettingar innan utdanning og forskning. Arbeidet med dette har omfatta både den fysiske strukturen i form av bygg og organisasjonsmessige tilhøve. I 2012 kom vi eit langt steg vidare då vi fekk samla store delar av aktiviteten i eit nytt høgskulebygg samstundes som at ei avdeling vart fysisk samla i Fossbygget.

Organisasjonskart ved Høgskulen i Sogn og Fjordane



### **Organisering av utdanningane:**

Dekan har det overordna ansvaret for utdanningane ved avdelinga. Det lågaste formelle styringsnivået for utdanningane er instituttleiarane. Instituttleiar har fagleg ansvar for utdanningane, for forskning og har personalansvar for tilsette som er knytt til instituttet. Dei utøver det faglege ansvaret gjennom programansvarlege og emneansvarlege.

Det er oppretta *studienemnder* med eksterne medlemmer ved alle bachelor- og masterstudium. Desse er rådgivande organ for dekan og instituttleiar i faglege saker som vedkjem studia og skal sjå til at studia har tilfredsstillande studiekvalitet. *Fagutval* skal støtte arbeidet med studiekvalitet i det enkelte emne. På institusjonsnivået er *utdanningsutvalet* har ansvar for høgskulen sitt kvalitetssystem og godkjenner studieplanane. Utdanningsutvalet er rådgjevande utval for rektor i saker som gjeld kvalitet på HiSF sine utdanningar.

*Utdanningsforum* er eit leiarforum der også instituttleiarar deltek. Forumet er eit drøftingsforum og utviklingsforum, og er elles ei støtte i utøving av leiaransvaret for utdanningane.

Formelle organ som utdanningsutvalet og utdanningsforum sørger for å etablere gode saksvegar slik at ein forankrar det faglege arbeidet med studiekvalitet til styringslinja.

### **Organisering av fou:**

Dekan har det overordna ansvaret for fou-arbeidet ved avdelinga. Instituttleiarane har ansvar for fou-arbeidet ved instituttet. Det er oppretta *avdelingsvise fou-utval* som skal vere rådgjevande organ for dekan i utvikling av fou-arbeidet og i fou-strategiske spørsmål. Det *sentrale fou-utvalet* er rådgjevande utval for rektor i saker som gjeld skal drive kvalitetssikringsarbeid for fou i høgskulen, vere eit forskningsetisk utval og tildele forskingsstipend.

*Fou-forum* er eit forum der dekanar, instituttleiarar, fou-leiarar og andre som arbeider med fou, arbeider med saker som støtter forskings- og utviklingsarbeidet i høgskulen. Det også ein stad å forankre felles saker og beste praksis.

Ein del av fou-aktiviteten er organisert i *forskningsgrupper*. HiSF skal evaluere tema og innretning, og revidere dei strategiske satsingsområda i høgskulen våren 2013.

I 2012 har det vore arbeidd med ein samla plan for fou-strategi. Prosessen har vore forankra i fou-utvalet og i fou-forum. Planen «Strategi for forskning og utviklingsarbeidet ved HiSF» vart sendt på høyring i november og vart vedtatt i styret i februar. Planen presiserer ansvaret for fou i organisasjonen. Planen tydeleggjer kva arbeidet med fou betyr for dei einsskilte rollene, frå leiarar til den einsskilde i vitenskaplege stillingar.

### **Organisering administrative tenester / fellestenester**

Dei administrative tenestene er organisert i fire seksjonar; utdanning, fou, personal og økonomi. Utdanningsseksjonen vart organisert i team i 2011. Ordninga vart evaluert hausten 2012 og vil halde fram med nokre justeringar. Seksjon for fou er styrka gjennom oppretting av ei ny administrativ stilling og ved at biblioteket vart knytt til seksjonen frå 2011. I 2012 vart Seksjon for personal og økonomi delt samstundes som det vart oppretta stilling som økonomidirektør og stilling som personaldirektør. Dette skjedde samstundes som stilling som assisterande rektor vart avvikla. Med denne delinga er teamorganisering av desse tenestene også kome på plass, gjennom eit økonomiteam og eit personalteam som knyter organisasjonen saman.

### **4.2.3 Kvalitativ styringsparameter**

**Vi skal vere kjende for ein arbeidskultur som er prega av entusiasme og nytenking, gjensidig respekt og samarbeid.**

Gode resultat i utdanning, forskning og formidling er basert på at kvart enkelt arbeider for å nå målsettingane til høgskulen. Dette handlar om den enkelte sitt initiativ og innsats, samarbeid i og utanfor organisasjonen og eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. Parametrane som målar at vi har fått dette til, kan vere fleire; har vi lukkast med studentane, lykkast vi i forskning og formidling, får studentane god service, har vi gode haldingar og etisk forsvarleg arbeidsmåtar?

Høgskulen i Sogn og Fjordane ligg høgst i landet på studentgjennomstrøyming. Tal studiepoeng pr eigenfinansiert heiltidsekvivalent låg i 3,2 prosentpoeng høgre enn resten av høgskulane.

Den nystarta mastergraden i samhandling er eit samarbeid mellom tre avdelingar og er eit eksempel på at vi har lukkast i å utvikle fagleg samarbeid og studietilbod på tvers i organisasjonen. Forskningsrådet si tildeling til ASK prosjektet, er også eit samarbeid mellom to avdelingar.

Arbeidet med ein fou-startegi som starta i 2012 gir verkemiddel som skal betre forskinga i høgskulen.

HiSF har utarbeidd etiske retningslinjer som er vedtekne i styret. Retningslinjene formulerer sentrale delar av HiSF sitt verdigrunnlag og er tenkt som eit refleksjonsgrunnlag ved utforming av moralsk forsvarlege tiltak, vurderingar og avgjersler. Dei ti retningslinjene er sortert under fire overskrifter; open og påliteleg framferd, fridom og ansvar, ærleg akademisk framferd og ikkje-diskriminerande. Retningslinjene gjeld alle tilsette i HiSF, og leiarane har eit særskilt ansvar for at desse vert etterlevd.

### **4.2.4 Kvalitativ styringsparameter**

**HiSF Vi skal ha utviklingsorienterte leiarar som legg vekt på resultat, høg kvalitet og etisk forsvarlege arbeidsmåtar og haldningar**

Etablering av tydeleg leiarstruktur gjennom oppretting av einskaplege leiarstillingar med fagleg og administrativt ansvar har gjort ansvaret for det faglege arbeidet tydeleg. Det har også gitt betre føresetnader for oppfølging av dei tilsette og gitt tydelege ansvarsliner i personalarbeidet. Leiarane skal gjennomføre årlege medarbeidarsamtalar med dei tilsette på si eining og har tett oppfølging med omsyn på resultat innan undervising og forskning. HiSF har fokus på artikkelskriving og det vert gjennomført kurs og seminar i denne samanhengen.

Etablering av personalforum har gitt høgskulen ein møteplass for leiarutvikling. Forumet består av alle med personalansvar og har to møte kvart semester. I 2012 hadde vi ei to dagars samling der tema var relasjonskompetanse og gjennomføring av medarbeidarsamtalar. Forumet blir nytta til utmeisling av felles personalpolitikk, som lærearena og kunnskapsdeling.

Det vart gjennomført fellesopplæring for leiarar og tillitsvalde om Hovudavtalen og hovudtariffavtalen i desember.

### **4.2.5 Kvalitativ styringsparameter**

**Høgskulen skal ha robuste fagmiljø og systematisk leggje til rette for å auke kompetansen til dei tilsette.**

#### 4.2.6 Kvantitativ styringsparameter.

Kvantitative styringsparametrar	Resultat (tal i 1000)			Mål
	2010	2011	2012	2012
Prosentdel førstestillingar av totalt tal undervisningsforskar og formidlingsstillingar	35	35,7	36,4	40
<b>Prosentdel kvinner, totalt og etter stillingskategori:</b>				
<b>Del kvinner totalt</b>	56,6	57,7	58	
Del kvinner i undervisning, forskning og formidling	49,3	50	51,6	50
Del kvinner i dosent og professorstillingar	32	25	30	30
Del kvinner i stipendiatstillingar	45,8	53	55,3	55
Del kvinner i driftsstillingar og reinhaldsstillingar	86	66,2	75,1	65
Del kvinner i administrative stillingar	67,9	71,6	66,8	70
Prosentdel kvinner i leiande stillingar (leiargruppe og mellomleiarar)	53	58	58	50
Prosentdel kvinner i førstestillingar	24,6	24,7	27,5	27

#### Robuste fagmiljø - rekruttering og komptanse

Tal årsverk er om lag uendra frå 2011 til 2012. Prosentdel tilsette i førstestillingar og høgre akademiske stillingar er jamt stigande, men vi ligg under landsgjennomsnittet. Hovuddelen av dei nyrekrutterte er på høgskulelektor nivå. I nokre miljø har vi ein høg gjennomsnittsalder på våre førstelektorstillingar og som i åra som kjem vil gå av med pensjon. I 2012 var 20% av våre nyttilsette på førstestillingsnivå. Det er spesielt innanfor naturfag og idrettsfag vi rekrutterer på førstestillingsnivå.

Det har kun vore ein doktorgradsdisputas ved HiSF i 2012 som har hatt tilsetjingsforhold til høgskulen under doktorgradsperioden. Det har likevel lukkast høgskulen å rekruttere nyttilsette som har disputert etter at dei har vorte tilsette, slik at det samla talet på disputasar for tilsette har vore tre.

Fem personar fekk opprykk til førstelektor i 2012, to ved Avdeling for helsefag, to ved Avdeling for lærarutdanning og idrett og ein ved Avdeling for samfunnsfag.

Prosentdel kvinner i leiande stillingar er 58. I den sentrale leiargruppa er det 33 % kvinner, og av åtte instituttleiarar er det sju kvinner. Andelen kvinner med førstekompetanse er 36,4% og det er utfordrande å auke andelen kvinner med professor og dosentkompetanse. Det er også utfordrande å utjamne kjønnskildadar i fagmiljøa. Vi har starta opp arbeidet med ny handlingsplan innan likestilling og mangfald, og har som mål å vitalisere likestillingsarbeidet gjennom dette arbeidet.

Gjennomsnittsalderen ved HiSF er i 2012 48,8 år, og har ei alderssamansetjing om lag på landsgjennomsnittet. Den største gruppa er mellom 50 og 55 år (18 %). ALI er den avdelinga som har høgst gjennomsnittsalder med 20 % mellom 60 og 64 år. Institutt for lærarutdanning har 39 % tilsette frå 60 år og oppover (11 av 16 årsverk).

Rekrutteringsarbeidet er viktig og vi vil prioritere dette arbeidet framover. Vi ser at vi rekrutterer betre i dei stillingane der fagmiljøet sjølv har vore aktivt i å bruke sine nettverk og kanalar. Avdelingane arbeider godt med utveljingsprosessen i rekrutteringsarbeidet. Mest alle avdelingar arrangerer prøvøforelesingar og gjennomfører intervju med alle aktuelle søkjarar. Dette sikrar god kvalitet i arbeidet, og reduserer risikoen for feiltilsettingar.

Høgskulen har sidan 2008 hatt tilbod om pedagogisk opplæring for tilsette. Det er innført krav om at nytilsette som manglar formell pedagogisk basiskompetanse må skaffe seg slik innan fem år. Tilbodet gjeld og tilsette som ønskjer å utvikle sin pedagogiske kompetanse. I 2012 deltok 26 tilsette i opplæringa, (deltakinga var høgare enn forventa/) vi vurderer deltakinga som god, og at dette avspeglar auka interesse blant fagtilsette for slik vidareutdanning.

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)			Mål
	2010	2011	2012	2012
Forholdstal vitskaplege og administrative årsverk	2,6	2,7	2,7	2,3

HiSF har ein liten og sårbar administrasjon. Høvestalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette er uendra på 2,7 i 2012 i høve til 2011. Dette talet auka i 2011 frå 2,6 i 2010.

Landssnittet låg i 2011 på 2,2 og det betyr at HiSF høvesvis har færre administrativt tilsette i høve til vitskapleg tilsette enn gjennomsnittet. Dette kompenserer vi gjennom samarbeid på område det er naturleg for oss. Samarbeidet med innkjøpstenesta i Sogn og Fjord ressursbruken samstundes som vi meiner å halde høg kvalitet i arbeidet.

### Inkluderande arbeidsliv

Kvantitative styringsparametrar	Resultat (tal i 1000)			Mål
	2010	2011	2012	2013
Gjennomsnittleg sjukefråver pr år	4,1	5,4	5,9	5,0

Det totale sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) for HiSF var 5,92 % i 2012. Sjukefråværet for kvinner er større enn for menn, og dette gjeld i alle stillingskategoriar. Sjukefråværet i HiSF har hatt ein auke dei siste åra, og det samla sjukefråværet for 2012 er høgare enn målsettinga. Vi har ikkje greidd å stagnere eller redusere sjukefråværsprosenten, men følgjer utviklinga for sjukefråværstala tett.

Vidare er bruk av graderte sjukmeldingar mykje nytta i HiSF, dette er også stadfesta frå NAV. Bruk av gradert sjukmelding er i tråd med måla som inkluderande verksemd og som vi jobbar bevist mot.

HiSF er oppteken av at arbeidsmiljøet skal vere godt. Høgskulen har vore IA verksemd sidan 2003, og IA-avtalen har vorte fornya fleire gonger. Amu har godkjent aktivitetsplan for IA arbeidet i HiSF, som inneber ulike tiltak for kvart av dei tre nasjonale måla i IA avtalen. Vi arbeider med alle måla, men har hatt mest fokus på førebygging og oppfølging av sjukefråværet. HiSF har eit etablert system for oppfølging av og tilrettelegging for sjukmelde. Ansvar og utøvinga skjer lokalt, og har i tillegg kompetanse på området sentralt i organisasjonen som skal sikre lik oppfølging av sjukmelde for alle tilsette.

HiSF har og tilbydd IA-plassar for utprøving av arbeidsevne og språkpraksis.

HiSF har medlemskap for alle tilsette i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet. I tillegg har vi tett samarbeid med NAV.

Høgskulen har lagt til rette for at utsette grupper som ledd i førebyggingsarbeidet, kan trene i arbeidstida. Positive erfaringar gjer at vi har halde fram med treningsopplegget. Andre tilsette har høve til å trene i arbeidstida, men mot avspassing.

Oppfølging av høgskulen sitt systematiske HMS arbeid vert følgt opp gjennom medarbeidarsamtalar og vernerundar. Vi vil halde fram arbeidet med å styrke leiarane sin kompetanse på dette området.

## SAK-samarbeid

HiSF deltek i UH-nett Vest samarbeidet. Arbeidsområda har vorte utvida, og stadig fleire fagmiljø og enkeltpersonar ved institusjonane har vorte involverte i ulike former for samarbeid. UH-nett Vest har siste fire åra jobba både med utdannings-, forskings-, biblioteks- og internasjonaliseringssamarbeid.

Lærarutdanningsfeltet har vore gitt prioritet av UH-nett Vest. *Utdanningsgruppa* har prioritert fagleg samarbeid om grunnskulelærarutdanning (GLU). På dette området har ein òg fått SAK-midlar frå departementet. Ein har fått til eit samarbeid om deltidsutdanningar på Vestlandet med tilbod lagde til Sandane og Voss. HiSF har stått i spissen for dette arbeidet.

UH-nett Vest har fått midlar til realisering av ny barnehagelærarutdanning, dette blir omtala andre stader i dokumentet.

Det er etablert eit samarbeid innanfor helse- og sosialfag. Det har vore arbeidd med forskarutdanning (inklusive førstelektor kvalifisering), lærarutveksling, mastergradssamarbeid, utdannings- og forskingssamarbeid. Det har kome i gang forskingsgrupper på fleire felt. Dette gjeld også innanfor sosialarbeidarutdanningane, der ein har etablert ein forskingssamarbeid under paraplyen NAV og er i ferd med å starte forskning kring rus og rusrelaterte problemstillingar.

Det er etablert samarbeid innanfor teknologifag, TeknoVest. Hovudmålet til TeknoVest var frå starten å auke rekrutteringa til teknologiutdanningane på Vestlandet og vise studentar overgangsmuligheter til masterutdanning i teknologi på Vestlandet etter avslutta bachelorgrad. Etter at TeknoVest vart ein del av UH-nett Vest har samarbeidet blitt utvida til også å omfatte forskingssamarbeid. Også UiS og Sjøkringskolen er med i arbeidet.

I 2010 peikte styret i UH-nett Vest ut området "IKT og medier" som eit prioritert område. Nettverket vart etablert i juni 2010 som eit forskingsnettverk innanfor IKT- og medieforskning.

Gruppa har så langt arbeidd med prosjekt kring utvikling av mobile teknologiar med vekt på forskning på eksisterande tenester på Vestlandet, forskning på særtrekka ved vestlandsk terreng, historie og kultur og utvikling av nye, originale digitale tenester på Vestlandet.

UH-nett Vest har sidan starten hatt eit eiga arbeidsgruppe for forskingssamarbeid. Denne gruppa har hatt handa om utlysing og vurdering av søknader og forslag til tildeling av forskingsmidlar.

Det er etablert eit samarbeid innanfor bibliotektenestene. Dei har arbeidd med tre område: 1) *Regionale lisensar for e-ressursar*, 2) *utgreiing og tilgang til e-bøker og undervisning og rettleiing for å utvikle studentar* og 3) *fagtilsette sin informasjonskompetanse*.

Også innanfor internasjonalisering har ein samarbeid innanfor UH-nett Vest. Det vert arbeidd med det ein kallar internasjonalisering heime. Det inneber at skal sjå nærmare utviklinga av eit fleirkulturelt og internasjonalt studiemiljø ved institusjonane i UH-nett.

### 4.2.7 Kvantitative styringsparameter

Kvantitative styringsparametre	Resultat i %			Mål
	2010	2011	2012	2012
Mellombelse stillingar eksklusiv åremålsstillingar	16	17,1	15,9	12
Sakshandsamings- og utgreiingsstillingar	13,3	12,0	9,0	10
Undervisnings- og forskingsstillingar	19,6	18,2	19,1	15

Vi arbeider for å redusere den uønskete bruken av engasjementstillingar, og tal mellombelse årsverk er redusert i 2012 i høve til 2011, spesielt innan dei administrative stillingane. HiSF hatt noko høgere % - del mellombelse årsverk enn gjennomsnittet for høgskulane. I 2011 fekk vi ein auke i mellombelse tilsettingar som følgje av oppretting av 10 nye åremålsstillingar som instituttleiar og viserektorar, som med eitt unnatak var rekruttering av fast tilsette.

Engasjementstillingar med grunnlag i eksterne forskingsmidlar er redusert frå 2011. Det er ofte erfarne tilsette som får eksterne forskingsmidlar, og vi tilset vikarar for dei som arbeider i oppdragsverksemd og for ei tid er tatt bort frå ordinære oppgåver.

Bistillingar blir aktivt nytta til å styrke forskingsmiljø og er ønskte mellombelse stillingar.

Status for tiltak som skulle gjennomførast i 2012:

- Medarbeidarsamtalar blir gjennomført om lag ein gong pr år.
- Handlingsplan for likestilling og mangfald er under arbeid
- Vi har ikkje lukkast i å redusere sjukefråveret som er eit sentralt mål i IA-avtalen.
- Vi har gjennomført systematisk opplæring for alle leiarar
- Lønspolitisk plan er reforhandla



## Risikovurdering av sektormål 4 – planar og tiltak:

Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/kommentarar
Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer.	2	5	10	For å ha god og robust økonomi, må HiSF ha god studentrekruttering og eit positivt renomme.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på rekruttering.</li> <li>• Ein godt fungerande. Rekrutteringsavdeling.</li> <li>• Tilby attraktive studium til ei kvar tid.</li> <li>• Følgjast opp under sektormål 1.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekrutteringssituasjonen i 2012 var god og studenttalet auka i høve til 2011.</li> </ul>
Risiko for ikkje ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga.	2	4	8	For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Nokre spissfunksjonar blir ivaretatt av for få personar. Dette gjeld område som løn og arkiv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønsvivået må vere om lag på same nivå som dei institusjonar vi konkurrerer med, sjølv om det til tider kan vere vanskelig å konkurrere med det private næringsliv.</li> <li>• Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og det er viktig å ha fokus på interne prosedyrar.</li> <li>• Vi må jamnleg tilby kurs og opplæring i sentrale delar av økonomiregelverket.</li> <li>• God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein person innanfor økonomiseksjonen slutta i 2012, og vi har lykkast i rekruttering av ny tilsett.</li> </ul>
Risiko i høve til dei administrative støttesystema. Risikoen er knytt til både it-risiko generelt og til bemanning og sårbarheit.	3	3	9	Departementet har bedt institusjonen om å vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er gjennomført ei ROS kartlegging, analyse og tiltak.</li> <li>• Forholda må leggjast til rette for gode arbeidsvilkår og trivsel for tilsette for å sikre stabilitet i it-stillingane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har lykkast i å rekruttere til it-stillingane. It-gruppa vart fysisk flytta og har kontorfellesskap i fellesadministrasjonen. Dette trur vi har gjort arbeidsmiljøet betre.</li> </ul>

Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/kommentarar
Risiko for ikkje å klare å halde på personar med høg kompetanse.	3	3	9	Den største risikoen for at vi ikkje greier å auke i kompetansenivået, er knytt til om vi greier å halde på dei som har førstekompetanse.  Vi er sårbare i situasjonar der vi får utskifting i stillingane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er viktig at førstestillingar også er knytta til bachelorutdanningane, men det er og viktig at institusjonen greier å utvikle mastergradsutdanningar som gir faglege utfordringar for dei med høgst kompetanse.</li> <li>• Tiltaka vil vere av generell karakter og knytta til om høgskulen greier å få ein så robust økonomi at mastergradstilbod let seg realisere.</li> <li>• Tverrfagleg samarbeid kan auke mulighetene for å skaffe eksterne prosjekt og utviklingsprosjekt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har etablert ein ny mastergrad i 2012, og fått NOKUT-godkjenning av mastergrad i undervising og læring. Det vert arbeidd med å etablere ein mastergrad knytt til økonomi og administrasjon som er det siste store utdanningsområdet som ikkje har mastergradstilbod.</li> <li>• Ein professor i eit lite fagområde slutta i 2012, men vi har tilsett vedkomande i 20% stilling.</li> </ul>
Risiko for at HiSF ikkje har god kjønnsbalanse i stillingane.	3	2	6	HISF skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv Det kan vere vanskelig å få kvinner inn i leiande stillingar, samt å tiltrekkje seg kvinner med førstekompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmuntre kvinner til å søkje leiarstillingar.</li> <li>• Ha oversikt over kjønnsfordelinga i HiSF</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert arbeidd med ny handlingsplan for likestilling og mangfald.</li> </ul>
Risiko for manglande attraktivitet.	3	3	9	Høgskulen må framstå som ein attraktiv arbeidsplass og vere konkurransedyktig på løn og arbeidsvilkår generelt for å halde på og tiltrekkje seg gode fagfolk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen må ha arbeidsvilkår som er konkurransedyktige med det dei andre institusjonar tilbyr, det vere seg høve til kvalifisering, som tid til forskning og utvikling, eit godt arbeidsmiljø eller lønsvilkår som er på høgde med nivået vi konkurrerer med.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønsnivået er ei konstant utfordring då vi konkurrer om arbeidskraft med institusjonar som har eit høgere lønsnivå, dette gjeld både vidaregåande skular, helsesektoren og statlege arbeidsplassar.</li> </ul>

# Annan rapportering

---

## 5.1 Oppfølging etter etatstyringsmøtet

## 5.2 Aktivitetskrav

Vi viser til tabell under styringsparameter 1.2.1 der det går fram at høgskulen har oppfylt aktivitetskrava.

## 5.3 Rapportering om SAK i ingeniørutdanning

*”NOKUTs evaluering viser at det er mange små og sårbare fagmiljø i ingeniørutdanningen. Departementet har bedt Universitets og høgskolerådet (UHR) ved Nasjonalt råd for teknologisk utdanning om å koordinere nasjonale og regionale prosesser for å bidra til samarbeid, arbeidsdeling og faglig konsentrasjon i ingeniørutdanningen, jf. brev av 28.september 2011. Departementet ber om at den enkelte institusjon gjør grundige strategiske vurderinger og gjennomgår studieportefølje og profilering i ingeniørutdanningen ut fra framtidige regionale og nasjonale behov og i lys av samarbeid med andre institusjoner for å oppnå en god samlet ressursutnyttelse. Departementet ber om at institusjonene rapporterer om dette arbeidet.”*

HiSF tilbyr følgjande studieretningar i automatisering i ingeniørutdanninga:

- Ingeniør elektro – automatiseringsteknikk
- Ingeniør elektro – automatiseringsteknikk m/TRES
- Ingeniør elektro – automatiseringsteknikk Y-veg

Studieretning for automatiseringsteknikk har vorte tilbydd sidan 1988. Denne studieretninga har nasjonalt og regionalt ikkje hatt spesielle utfordringar med omsyn til studentrekruttering eller arbeidsmarknad. Siste åra har det vore spesielt stor etterspurnad etter ferdige automasjonsingeniørar både regionalt og lokalt. Det er over tid etablert mange gode samarbeid med bedrifter med omsyn til m.a. prosjekt, gjesteførelingar og praksis valfag. HiSF ser det som heilt naturleg å satse på denne studieretninga vidare. Tresemesterordninga har bidrege til auka regional rekruttering, spesielt sidan HiB ikkje har denne rekrutteringsvegen. HiB har heller ikkje Y-veg, og sidan oppstarten av Y-veg i 2009 har vi aukande rekruttering frå Bergen/Hordaland. Vidareføring av Y-veg og Tresemester er vesentleg og samordninga vi har mellom desse tilboda og med eittårig forkurs gir god ressursutnytting og styrka studiemiljø.

HiSF tilbyr følgjande studieretningar i energi, elkraft og miljø i ingeniørutdanninga:

- Ingeniør elektro – energi, elkraft og miljø
- Ingeniør elektro – energi, elkraft og miljø m/TRES
- Ingeniør elektro – energi, elkraft og miljø Y-veg

Studieretninga energi, elkraft og miljø vart starta opp hausten 2012 i samarbeid med og med oppstartsfinansiering frå lokale energibedrifter. Det er stort behov for ferdige ingeniørar på dette feltet på lokalt og nasjonalt.

Studieretninga har stor grad av samordning med automatiseringsteknikk, og gir dermed god ressursutnytting. Studiet passar også godt saman med HiSF sitt andre meir samfunnsfagleg retta forskingsmiljø og studium innan Fornybar energi.

Det er tett samarbeid med bransjen om rekruttering av studentar, og med styrking av studiet m.a. med gjesteforelesingar, studentprosjekt, praksis og sommarjobbar. Bedriftene er også positive til samarbeid om delte stillingar for å styrka rekruttering av fagpersonale og gi eit større og betre fagmiljø.

Samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane er også vesentleg m.o.t. fagmiljø og ressursbruk. Det er inngått avtale med fagskulen om sambruk av laboratoriestyr og det vert arbeidd i lag med energi- bransjen for ei stor oppgradering av dette utstyret knytt til elkraft, slik at HiSF ikkje skal trenga egne investeringar for dette.

HiB vil hausten 2013 ta opp studentar til bachelor ingeniør subsea i Florø. HiSF samarbeider med HiB om dette og har avtala at vi m.a. leverer matematikk- og elektroundervisning til dette studiet gjennom våre fagtilsette.

HiSF er også invitert med i ein prosess for å utgreia mulighetene for byggingeniør, initiert og styrt av næringsliv og politikarar. Vi har i dette arbeidet meldt inn at omfattande samarbeid med t.d. HiB og fagskulen vil vera ein føresetnad for eventuelle tiltak på dette.

#### SAK-samarbeid innanfor ingeniørutdanninga

Teknovest og UH-nettvest er eit viktig i SAK-perspektiv, og styrkar kontaktflata og omfanget av samrabeid og arbeidsdeling i regionen.

Nasjonale tiltak i samband med implementering av ny rammeplan og SAK-midlar til t.d. felles fagmøte har stimulert til erfaringsutveksling og samarbeid på mange ulike område, t.d. planar om informasjonsbase for pensum litteratur, deling av undervisning på nettet og felles utvikling av marknadsføring. Vi vil prioritera høgt å delta i slikt samarbeid vidare både av kvalitets- og ressursomsyn.

### **5.4 Rapportering om førskulelærerutdanninga**

I tilbakemeldinga frå KD etter etatstyringsmøtet 22.06.12 står det: «HiSF har fått ansvar for å være nasjonal pilot for ny barnehagelærerutdanning. Dette må følges tett opp av ledelsen. Det må sørges for god informasjonsspredning til andre institusjoner.»

Dette er følgt opp ved at dekan, rektor og instituttleiar har vore med på både nasjonale og UhNett-Vest-samlingar om ny BLU-utdanning. Informasjonsspreiinga har vore gjort nasjonalt, ved deltaking på to nasjonale samlingar i regi av NRLU og regionalt ved innlegg på konferanse og i andre ulike samarbeidsfora i regi av UHNettVest. Instituttleiar er leiar av BLU-prosjektet i UHNettVest. Utdanninga har vore omtala m.a. i fagbladet *Steg for steg* og i *Aftenposten*.

Vi viser også til *Status for oppfølging av NOKUT-evaluering av førskulelærerutdanninga ved HiSF* i vedlegget.

### **5.5 Universell tilrettelegging**

Høgskulen har eit aktivt Læringsmiljøutval. Leiinga går på omgang mellom student og leiing. I 2011 vart det arbeidd med oppfølging av læringsmiljøundersøking hausten 2010. Føremålet med undersøkinga var å kartlegge fysiske, psykososiale og organisatoriske forhold som påverkar læringsmiljøet ved høgskulen. Undersøkinga sette fokus på to hovudfaktorar; integrasjon i studentmiljøet og utforming av trivelege lokale. Dette arbeidet har vore vidareført i 2012.

Ved planlegging og innflytting i det nye Høgskulebygget i Sogndal har arbeidet med universell utforming og auka tilgjenge for studentar med nedsett funksjonsevne vore vektlagt.

Høgskulen har eit godt system for å legge til rette for studentar som har behov for særskild tilrettelegging i studiesituasjonen og ved eksamen. Høgskulen sin handlingsplan for studentar med funksjonshemmingar og høgskulen sin beredskapsplan for kriser og krisehandtering ved HSF vart revidert i 2011. Høgskulen samarbeider med Studentsamskipnaden og NAV om prosjektet Studier med støtte. Høgskulen har i 2012 gjort eit stort steg mot universell utforming av bygningsmassen. Det viktigaste tiltaket var at høgskulen høgskulen flytta ut av eldre bygningsmasse som hadde manglar ved utforming og tilrettelegging, og flytta inn i Høgskulebygget på 7500m<sup>2</sup> som var bygd etter dagens krav til universell utforming.

I tillegg har Statsbygg eit eige program for universell utforming som har ført til betra tilpassingar i Førde, Sogndal og Sandane. Dette gjeld både utskifting av dører som ikkje held mål, og betre skilting.

## **5.6 Studentkapasitet**

Vi viser til vedlegg 2.

## **5.7 Midlar tildelt over kap. 281**

HiSF vart tildelt 300 000 kr for å gjennomføre eit pilotprosjekt for å utvikle ny barnehagelærarutdanning, jmf brev frå departementet 09.07.2012 og tildelingsbrev datert 21.08.2012. Midlane er brukte slik det kjem fram av søknaden og med føringane som ligg i svar- og tildelingsbrev.

Midlane er brukte til frikjøp av fagpersonalet for å utvikle programplanen. Kunnskapsgruppeleiarane har fått 50 arbeidstimar kvar og alle dei andre involverte fagpersonane 20 arbeidstimar kvar. Vi har og nytta 50 arbeidstimar til å leie utviklingsarbeidet knytt til praksis. Instituttleiar har vore prosjektleiar.

## **5.8 Rapportering på likestilling**

HiSF har i rapportering på likestilling nytta UHR sitt oppsett om rapportering i tråd likestillingslova krav om rapportering, og viser til vedlegget «Høgskulen i Sogn og fjordane - Oppfølging av aktivitets- og redgjørelsesplikten etter likestillingsloven 2012».

HiSF har starta opp arbeider med å utarbeide handlingsplan for likestilling og mangfald. Dette arbeidet er planlagt avslutta i løpet av våren 2013. Når handlingsplanen er på plass er det klare forventningar om at den skal bidra til å auka merksemd og meir systematisk arbeid for å fremje likestilling og mangfald i HiSF.

### **Status for kjønnsfordeling stillingskategoriar og lønn i HiSF**

Totalt i HiSF er det fleire kvinnelege tilsette enn menn. I 2012 vart det totalt 57,9 % kvinner og 42,1 % menn, og denne fordelinga har gjort seg gjeldande dei siste åra. Kjønnsfordelinga skil seg innanfor dei ulike stillingskategoriane.

Kjønnsfordelinga for undervisnings- og forskarstillingar totalt er forholdsvis jamn med 53,4 % kvinner og 46,6 % menn. Kjønnskeivheita kjem tydeleg til uttrykk i dei ulike stillingskategoriane. For stillingsgruppa førstestillingar var fordelinga i 2012 var 71,1 % menn og 28,9 % kvinner. For gruppa professorar/dosentar er fordelinga 70 % menn og 30 %

kvinner. For den sistnemnde gruppa skal det seiast at det er snakk om små tal og ei endring vil gi store utslag. For gruppa høgskulelektorar er kvinnedelen 66 % og medan den for gruppa høgskulelestrarar 75 %. Den sistnemnde gruppa er forholdsvis lita. Når det gjeld rekrutteringsstillingar er kjønnsfordelinga forholdsvis jamn med 54,5 % kvinner og 46,6 % menn og gjenspeglar det samla talet for undervisnings- og forskingsstillingane.

I gruppa administrative stillingar er der eit klart fleirtal kvinneleg tilsette (67,8 %). I gruppa leiarstillingar er det fleire kvinner (55,5 %) enn menn (44,5%), men for gruppa sakshandsamarar er kjønnsfordelinga derimot meir skeiv med 70,3% kvinner og 29,7 % menn.

Status for kjønnsfordelinga i dei ulike stillingskategoriane er viktige moment som vert teke høgde for i arbeidet med handlingsplan for likestilling og mangfald.

### **Funksjonsnedsetting**

I arbeidet med handlingsplan for likestilling og mangfald, som er under arbeid og planlagt avslutta i 2013 vert det arbeidd med å gjere ei kartlegging med omsyn til korleis situasjonen er i HiSF med omsyn til etnisitet og funksjonsnedsetting.

HiSF er IA (inkluderande arbeid) -verksemd og har utarbeidd aktivitetsplan for IA arbeidet. Det er formulert tiltak aktivitet/tiltak for den generelle IA arbeidet i HiSF og tiltak for dei tre delmåla i IA-avtalen. Vi har hatt størst fokus på delmål 1 som går på å redusere sjukefråværet, som og har innverknad på delmål 2 om auka sysselsetting av personar med redusert funksjonsevne. HiSF har ikkje fullgod oversikt over tilsette med redusert funksjonsevne. Det vi kan seie er at bruken av gradert sjukmelding er godt nytta i høgskulen. I arbeidet med oppfølging og tilrettelegging av sjukefråvær er vert det arbeidd bevisst med tilsette som ikkje vert heilt friske att, held fram i deltidstilling også etter eit år med sjukefråvær.

Tillitsvalde og verneombod tek del i IA-arbeid, i form av oppfølging av enkeltsaker, møte og opplæring/kursing. HiSF har IA-praksisplassar for utprøving av arbeidsevne og språkpraksis.

## **5.9 Større investeringsprosjekt**

HiSF har tidlegare søkt KD om å koma i gang med tredje byggjesteget i Sogndal som er overtaking av Gymnaset. Inkludert ombygging har dette prosjektet har vore kostnadsrekna til 85 mill kr. Ombygginga på 57 mill kr er kalkulert med ei uvisse på 25%. Så langt har dette prosjektet ikkje vore prioritert av KD.

På grunn av at fylkeskommunen sine utbyggingsplanar for vidaregåande skule i Sogndal enno ikkje er fastlagde, har det vore naudsynt for HiSF å vurdere alternative løysingar for å oppfylle målsettinga om å samle aktivitetane i ein meir tidshøveleg og tenleg byggmasse på Fosshaugane Campus.

Vi er difor i gang med forhandlingar med Sogndal Fotball om utbygging av ca 1750 m<sup>2</sup>, som skal nyttast til undervisningsrom og kontor. Dersom Sogndal Fotball finn å kunne gjennomføre denne utbygginga, er det føresett at HiSF vil gå inn i ei 10-års leigekontrakt for desse lokala. Det er venta at innflytting kan skje mot slutten av 2014. Samstundes med overtaking av nye lokala vil gammal byggmasse bli fråflytta, og husleigemidlar frigjorde.

## **5.10 Forvaltning av aksjefullmakt**

HiSF har ikkje eigarskap i aksjeselskap.

## 5.11 Sikkerheit og beredskap

HiSF gjennomførte i 2011 eit eige prosjekt om sikkerheit og på styret vedtok ein sikkerheitspolicy og eit it-reglement. Det vart også gjennomført eit prosjekt for å integrera risikostyring i planarbeidet.

### Samfunnssikkerheit og beredskap

Høgskulen har fungerande beredskapsplanar. Beredskapsplanane er under kontinuerleg revisjon. Ei gruppe i høgskulen la fram ny revidert beredskapsplan 2011. Denne planen har særleg fokus på informasjonsflyten i samband med ulykker, død og krisesituasjonar for våre studentar både på eigne studiestadar og for våre studentar i utlandet. Jmf [http://www.hisf.no/no/content/download/11397/82030/file/BEREDSKAPSPLAN\\_FOR\\_KRISE\\_2011.doc](http://www.hisf.no/no/content/download/11397/82030/file/BEREDSKAPSPLAN_FOR_KRISE_2011.doc)

### Brannvern/ rømningsplanar

Høgskulen er leigetakar i alle sine areal. Byggeigar har ansvar for brannsikring og pålegg høgskulen å organisere eigne tilsette, slik at vi til ei kvar tid har ein fungerande brannvernorganisasjon.

Høgskulen har brannvernorganisasjonar i alle våre leigebygg, der det er spesifisert kva oppgåver den enkelte har i høve til brann/ røming av bygget.

Høgskulen gjennomfører to brannøvingar årleg i dei bygga vi leiger. Øvingane vert primært gjennomført i byrjinga av kvart semester. Det vert skrivne interne rapportar etter øvingane, med særleg fokus på avvik, rapportane vert sendt til byggeigar som brannvernansvarleg.

### Informasjonstryggleik

Høgskulen har hatt særleg fokus på informasjonstryggleik. Det er vedteke ein eigen policy for informasjonstryggleik ved HiSF. Hausten 2011 vart det sett inn ekstra ressursar for å implementere policyen i organisasjonen. Det er gjennomført ei kartlegging av alle system i HiSF mop bl.a tal brukarar, sensitive personopplysningar, kritikalitet og driftsstad etter mal frå UNINETT.

## 5.12 Felles føringar

### Lærlingar

HiSF har tatt inn lærling anna kvart år gjennom lang tid. Vi har hatt lærlingar innafor fleire område, både innanfor «Kontor og administrasjonsfaget», «IKT- Servicefaget» og dei to siste inntaka har vore innafor «Dataelektronikerfaget». Dei beste erfaringane har vi hatt med lærling innafor Dataelektronikerfaget og vi vurderer no å ta inn ny lærling kvart år.

### Rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne

Sjå punkt 2.3.8

### Vidarebruk av offentlege data

HiSF har ikkje data å rapportere om.

### Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Førde</b>	49,4	55,4	55,6	61,65	61,1
<b>Sogndal</b>	209,1	217	218,8	227,95	228,3
<b>HiSF</b>	258,5	272,4	274,4	289,6	289,4

Dei siste åra har tal tilsette helde seg relativt stabilt . Veksten i tal sysselsette følgjer i hovudtrekk tildelte studieplassar og utviklinga ber preg av det. I samarbeid med kraftindustrien i fylket starta HiSF opp nytt studium på ingeniør elektro elkraft, noko som gir 3,5 nye årsverk.



## Planar for 2013

---



For å sikre ein best muleg oppfylling av Kunnskapsdepartementet sine krav i tildelingsbrevet om integrert risikostyring, er modell og prosess som nemnd nedanfor nytta som ramme for planarbeidet i 2013. Denne er nært knytta opp til HiSF sin strategiplan og eigne verksemdsmål.

#### **Frå HiSF sin strategiplan 2010-2014:**

##### ***Visjon:***

*Vi utforskar og utviklar  
HSF – ein stad å lukkast*

##### ***Verdigrunnlag:***

*Kompetent Aktiv Nær*

##### ***Overordna mål:***

*Vi skal ha landets mest fornøgde studentar og vere ein høgskule med  
høg vitskapleg publisering*

### **HiSF sitt arbeid med risikostyring**


I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobilete (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synleggjer vi både vårt arbeid med risiko og risikostyring, samt nåverande risikobilete.

Styret i HiSF handsama på styremøte den 6. mars 2008 ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peikt ut 5 område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
  - God studiekvalitet
  - Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon


Dette synleggjer eit bilete av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i strategiplanen 2010-2014. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å vere mest kritiske i forhold til vårt ansvar for å svare på samfunnsoppdraget.

## Overordna risikovurdering ved HiSF



Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF


SSØs modellar for risikostyring nyttast som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 og 5 skildrar modellens innhald og logikk.



Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa



## Risikokart



Figur 5: Risikomodel

I risikomodelen inngår følgende:

**Overordna ambisjon:** å integrere risikostyring for å identifisere, vurdere, handtere og fylgje opp risikoar for kunne redusere risiko ved å iverksette tiltak. Risikoreduserande tiltak skal resultere i at identifiserte risikoområde kjem innanfor høgskulen sitt aksepterte nivå for risiko (toleranse).

**Definisjonen av risiko:** At forhold eller hendingar inntreff og påverkar oppnåinga av målsettingar negativt.

**Vurdering av risiko:** Risiko skal vurderast i høve til sannsynlegheita for at han inntreff, og den forventa konsekvensen han vil medføre for måloppnåinga i verksemda dersom den inntreff.

**Risikoreduserande tiltak:** Risikoar som kan påverke måloppnåinga negativt, og som ligg utanfor høgskulen sin risikotoleranse skal fylgjeast opp ved å iverksette risikoreduserande tiltak (frå A til B i figur 5).

**Integrert risikostyring:** Arbeidet med risikostyring vert sett på som ein prosess som inngår som ein naturleg del av høgskulen sitt arbeid med mål- og resultatstyring.

### HiSFs referansemiddel for fastlegging av risiko


Med vesentleg risiko definerer høgskulen innanfor den valde modellen dei risikoar som har ein sum på 12 eller høgare (raudt felt). Denne faktoren kjem fram når risikoen sin vurderte konsekvens vert multiplisert med kor sannsynleg det er at han inntreff. Det må takast omsyn til dei etablerte tiltak i vurderinga. Resultatet av vurderinga gir eit bilete av sannsynlegheita for at det aktuelle målet ikkje vert nådd, og kor alvorleg dette avviket frå målet kan bli dersom ikkje ytterlegare tiltak vert sett i verk. I modellen går det fram i form av dei raude felt.

Vurdert risiko av denne typen vert vurdert av høgskulen å ligge utanfor risikotoleransen og skal fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Planlagde risikovurderte tiltak kjem ikkje fram berre på område der risikoen vert vurdert som vesentleg, men vi har også vald å foreslå å iverksette tiltak på risikoområde med lågare risikoindikator (moderat). På område som står fram med vesentleg risiko (raudt nivå) skal det alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak.

## Risikovurdering i HiSF – prosessen

Vi har tatt utgangspunkt i vår eigen overordna skisse for risiko (figur 3). Med bakgrunn i denne har vi teke for oss sektormål 1-4, og knytte desse opp mot HiSF sine hovudmål for kvart sektorområde.

I arbeidet med å kartlegge kva for nokre faktorar som har vesentleg risiko har vi lagt fyljande modell til grunn i vårt arbeid:



Figur 6: Konsekvens og sannsynlighet

I denne figuren går det eit skilje mellom risikofaktorar og det som vi definerer som høg risiko, moderat eller låg risiko. Høg risiko skal alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Moderat risiko vert vurdert ut i frå organisasjonen si risikotoleranse og kjennskap til tidligare risikovurderingar, utvikling og tiltaksgjennomføring. Det er ikkje nødvendig å sette i verk tiltak på risikoområdar med låg risiko, men dette må vurderast ut frå type område og samanheng mellom risikoområdar.

## **Involverte i prosessen**

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- Vurdering av akseptabel risiko
- Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- Vurdering av risikostorleik for kvart risikoelement
- Tiltak for å redusere risiko
- Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

Arbeidet med å utvikla risikostyringa i HiSF har vore forankra i leiargruppa.

# Sektormål 1

## Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet

Årsplanen for 2013 bygger på høgskulen sin reviderte strategiplan (oktober 12) for perioden 2010-2014, sektormål og nasjonale styringsparameter fastsett av departementet og hovudutfordringar frå Rapport om utdanningskvalitet 2011-2012 for HiSF.

På utdanningssida har HiSF sin strategiplan som overordna mål at høgskulen skal ha landets mest fornøgde studentar. Årsplanen omfattar prioriterte tiltak for 2013 og kva konkrete resultatmål høgskulen skal nå dette året.

### 1.1 Verksemdsmål

**Høgskulen skal rekruttere mange og motiverte studentar til alle utdanningar. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjons-utdanningane og nasjonal rekruttering til utdanningar innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.**

#### 1.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013	2012
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	1030	985	1167	1285	1500	-
Primærsøkjarar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,39	1,39	1,44	1,66	1,67	2,29
Gjennomsnittskarakter på møtt førsteprioritetssøkjarar i SO	3,80	3,85	3,80	3,89	3,93	4,11
Nye studentar rekruttert gjennom SO	804	783	846	853	950	-
Nye studentar rekruttert utanom SO	671	900	728	711	700	-
Marknadsdel nye studentar frå Sogn og Fj. i SO-opptaket	28,8	26,7	27,2	23,7	25	-
%-del nye studentar frå andre fylke i SO-opptaket	51,5	55,9	59,6	67,1	65	-

#### 1.1.2 Risikovurdering

Høgskulen har hatt svært positiv utvikling i studentrekrutteringa siste åra og vi arbeider systematisk for å halde fram denne utviklinga. Vi trur at fornøgde studentar som lukkast i utdanninga er den viktigaste føresetnaden for å nå dette målet, men god marknadsføring og systematisk omdømebygging er også viktig. Med utgangspunkt i dei tiltaka som vert sett inn og på bakgrunn av det vi kjenner til av eksterne faktorar som kan påverke rekrutteringa, er det sannsynleg at HiSF også i 2013 vil kunne auke tal søkjarar monaleg. Det er likevel knytt

risiko til den demografiske utviklinga i heimefylket. Tal 19-åringar er på veg nedover i Sogn og Fjordane og dette er ei utvikling som vil halde fram dei næraste åra. Høgskulen er dermed avhengig av å auke marknadsdelen i Sogn og Fjordane samstundes som talet på søkjarar frå andre fylke også må aukast. Resultatmåla er på dette grunnlaget sett høgre enn i 2012.

Gjennomsnittskaraktar (utan tilleggspoeng) hjå nye studentar hadde ei god utvikling i 2012, men høgskulen ligg med karaktarsnitt på 3.89 framleis litt under gjennomsnittet for høgskulane (4,10) og for sektoren (4,23). Med målsetjing om fleire søkjarar per studieplass, er det også naturleg å ha som målsetjing at gjennomsnittskaraktar hjå nye studentar skal bli høgre enn i 2012.

Rekrutteringa til grunnskulelærarutdanninga 1-7 heiltid er ei særskild utfordring. Konsekvensane av sviktande studentrekruttering vil vera svært alvorlege for høgskulen og for kompetansen i skulane i vår region.

### **1.1.3 Tiltak**

1. Auka vekt på nasjonal rekruttering til alle utdanningane, med særleg fokus på idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
2. Auka vekt på regional rekruttering særleg til profesjonsutdanningar og deltids- og vidareutdanningar.
3. Vidareutvikle marknadsføringa av utdanningane gjennom bruk av studentambassadørar og digitale kommunikasjonskanalar.
4. Utvikle høgskulen sine vevsider. Eit nytt vevprosjekt vert iverksett våren 2013.
5. Bygge høgskulen sitt omdømme gjennom årlege nasjonale og regionale konferansar, samt samarbeid med eksterne aktørar og praksisfeltet.
6. Vidareutvikle samarbeid og arbeidsdeling om grunnskulelærarutdanninga gjennom UH-nett Vest.



## 1.2 Verksemdsmål

**Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent**

### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjons-nivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013	2012
Totalt studenttal per 1.10	3188	3630	3658	3831	3900	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2242	2439	2624	2797	2830	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent	49,5	49,9	50,6	50,8	50	45,5
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1847,9	2030,0	2212,8	2368,0	2380	-
Kandidatproduksjon	456	440	460	527	500	-
Gjennomføring iht avtalt utdanningsplan	82,8%	90,2%	91,5%	88,7%	90%	85,5%
Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor	-	-	62%	57%	60%	42%
Aktivitetskrav for AOI			0	8	7	
Aktivitetskrav for sjukepleie			138	165	138	-
Aktivitetskrav for vernepleie			33	32	29	

### 1.2.2 Risikovurdering

Mange nok og motiverte studentar som gjennomfører utdanningane er avgjerande for høgskulen både økonomisk og med tanke på omdøme. Studenttalet ved høgskulen har auka vesentleg siste åra, og utfordringa no er å sikre tett og god oppfølging slik at dei lukkast i utdanninga. Ei rekkje faktorar påverkar dette, som inntakskvalitet, pedagogisk og fagleg kvalitet, tilstrekkelege lærarressursar, eit stimulerande læringsmiljø, gode støttetjenester og trivsel. Det er risiko knytt til det å lukkast i utdanningane, og høgskulen må arbeide på eit breitt område.

### 1.2.3 Tiltak

1. Nytt høgskulen sitt kvalitetssystem i arbeidet med utvikling av alle studium.
2. Gi tett oppfølging til studentane, mellom anna med gjennomføring av utdanningsamtale.
3. Vidareutvikle eit stimulerande læringsmiljø.
4. Utvikle studentaktive læringsformer.
5. Vidareutvikle kvaliteten på støttetjenestene, mellom anna tilbodet om karriererettleiing.

### 1.3 Verksemdsmål

Høgskulen skal tilby forskingsbaserte utdanningar med læringsutbytte som er tilpassa behova i arbeidsmarknaden. Høgskulen skal ha praksisnære bachelorutdanningar med topp kvalitet, og tilbod om mastergrad og vidareutdanningar på dei sentrale utdanningsområda

#### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013
Andel nye studentar på bachelorprogram, GLU, PPU	52%	44%	49%	48%	45%
Andel nye studentar på masterprogram i %	0	5%	6%	7%	8%
Andel nye studentar på andre utdanningar i %	48%	51%	46%	44%	47%
Bachelorgradar	-	-	-	21	21
Akkrediterte mastergradar	2	2	2	4	4
Mastergradar med ekstern akkreditering	2	2	3	2	2
Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar	-	-	2	4	4
Del av kandidatane i jobb som oppgir at jobben er relevant i høve utdanninga*	89%	87%	91%	88%	92%
Studentmobilitet	91	79	111	82	100

\*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

#### Kvalitativt styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbytte som er definert for studieprogramma.

#### 1.3.2 Risikovurdering

Forskingsbasert undervisning og god pedagogisk kvalitet er avgjerande for høgskulen. Både forholdstal lærar – student og kompetanse blant dei tilsette påverkar dette. Det er også viktig at høgskulen tek i bruk moderne undervisningsmetodar og reiskapar slik at vi møter unge studentar sine forventningar. Med systematisk arbeid og målretta tiltak bør risikoen for å mislukkast vere moderat.

Tilbod om mastergrad på dei sentrale utdanningsområda vert vurdert som svært viktig for at høgskulen skal fylla den regionale samfunnsrolla, og konsekvensane av ikkje å nå dette målet blir vurdert som alvorleg. I 2013 skal HiSF vurdere vidare utvikling av mastergradstilbod, mellom anna mogeleg tilbod innan økonomisk/administrative fag.

I 2013 vil vidareføring av samarbeidet i UH-nett Vest bli avklart. For HiSF er samarbeid og arbeidsdeling om utdanningstilboda i regionen viktig.

Tal utvekslingsstudentar var lægre enn venta i 2012 og det blir lagt opp til noko høgre resultatmål i 2013. Internasjonalt samarbeid kviler på få tilsette. Betre leiarforankring og nettverksbygging kan minske risikoen på feltet.

### **1.3.3 Tiltak**

1. Arbeide for å utvikle læringsutbytte i utdanningane i takt med behova i samfunnet og med sikte på god kommunikasjon med relevant nærings- og arbeidsliv. Nytt RSA i denne samanhengen.
2. Vidareføre og styrke samarbeidet med yrkesfeltet innan helse-, sosial-, skule- og barnehagesektoren med sikte på relevante og praksisnære profesjonsutdanningar og møte regionale behov for etter og vidareutdanning.
3. Arbeide for vidareføring av UH-nett Vest og bidra konstruktivt til regional arbeidsdeling og samarbeid.
4. Vidareutvikle den faglege profilen med nasjonalt og internasjonalt attraktive studietilbod innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
5. Arbeide for å få realisert robuste masterprogram på alle dei sentrale utdanningsområda.
6. Synleggjere forskning og forskingsresultat i undervisninga og engasjere studentane i dei tilsette sitt fou-arbeid.
7. Styrke internasjonalt samarbeid.
8. Vidareutvikle bruk av e-læring og digitale verktøy i undervisning og læringsarbeid.

## 1.4 Verksemdsmål

**Tett oppfølging, god studiekvalitet og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF**

### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013	2012
Studentar per faglege årsverk	17,8	19,8	18,7	19,7	18,5	12,5
Andel kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF*	95%	86%	89%	87%	90%	-
Andel kandidatar som svarar at dei trivst særst godt eller godt i studietida*	85%	88%	85%	85%	90%	-
Andel førstestillingar av samla tal undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar	34%	35%	36%	36,4%	39%	43%
Andel kandidatar som tykte at arbeidstilhøve ved høgskulen var gode eller svært gode*	76%	75%	67%	71%	80%	-
Andel kandidatar som ser på dei administrative tenestene som gode eller svært gode*	70%	67%	73%	74%	75%	-

\*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

### Kvalitativt styringsparameter

- Studentane skal ha god tilgang til datatenester, og digital undervisning skal vere godt tilrettelagt.

### 1.4.2 Risikovurdering

Høg studiekvalitet og positive tilbakemeldingar frå noverande studentar er avgjerande for rekruttering og omdøme. Redusert studiekvalitet vil og verke inn på læringsutbyttet for dei ferdige kandidatane.

God tilgang til datatenester og digital undervisning er viktig for å møte studentane sine forventningar og for å gi dei eit godt grunnlag for arbeidslivet.

Eit godt samla læringsmiljø er ein viktig del av tilbodet til studentane. Dette krev merksemd på eit breitt felt og det føreset nært og godt samarbeid med mellom anna studentorganisasjonane, studentsamskipnaden og vertskommunane. Ein vanskelegare bustadsituasjon siste åra har vorte ei utfordring. Dårligare oppleving av det samla læringsmiljøet vil vere alvorleg for høgskulen sitt omdøme.

### 1.4.3 Tiltak

1. Ha fokus på utdanningskvalitet og utdanningsleiing.
2. Utvikle læringsmiljøet i ny campus.
3. Auka medvit om akademiske normer, kritisk kjeldebruk og plagiering.
4. Vidareutvikle samarbeidet med studentorgana med målsetjing om å ha landets beste læringsmiljø.
5. Vere tett på studentane gjennom dagleg kontakt.
6. Gjennomføre årlege student- og kandidatundersøkingar og utvide kontakten med uteksaminerte kandidatar.
7. Ha fokus på digital undervisning og gode datatenester
8. Utvikle samarbeidet med studentsamskipnaden og vertskommunane om gode bu- og levevilkår for studentane.

### Risikovurdering av sektormål 1 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Risiko for å mislukkast med god studentrekruttering til alle utdanningar – og å styrke rekrutteringa på den regionale og nasjonale marknaden.	2	5	10	Færre studentar gir reduserte inntekter og dårlegare inntakskvalitet.  HiSF kan leve med ein rekrutteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege.  Grunnskulelærer-utdanninga representerer ei særskild utfordring med omsyn til rekruttering.  Risiko for manglande rekruttering til dei nye masterutdanningane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avlyse studium med dårleg rekruttering, samordne undervisning.</li> <li>• Vurdere marknadsføringstiltak til ledige studieplassar og utdanningar på den nasjonal marknaden og vidareutdanningar.</li> <li>• Ha fokus på GLU og regionalt samarbeid.</li> <li>• Utvikle studium som kan tilbydast med seinare oppstart til andre søkjargrupper t.d. fleire samlingsbaserte studium.</li> </ul>
2	Risiko for at studentane skal mislukkast med utdanningane, lågare gjennomstrøyming og større fråfall.	2	5	10	Med fleire studentar per fagtilsett, kan den pedagogiske kvaliteten synke, og tid til rettleiing og tett oppfølging og forskning kan verte redusert.  Strykprosenten kan gå opp i eitt eller fleire emne.  Risiko for låg gjennomstrøyming  Studiepoengproduksjon per student og ekvivalent kan verte redusert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sette av nok ressursar på arbeidsplanen til tilsette slik at dei kan følgje opp studentane tett</li> <li>• Ha fokus i avdelingane på viktige faktorar for å sikre god gjennomstrøyming.</li> <li>• Samle og systematisere informasjon om kvifor studentar avbryt utdanninga</li> <li>• Tilpasse aktivitet på grunn av reduserte inntekter.</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
3	<p>Risiko for å ikkje å ha praksisnære bachelorutdanningar med topp kvalitet og ikkje kunne tilby mastergrad og vidareutdanningar på sentrale utdanningsområde.</p> <p>Risiko for at høgskulen sine studium ikkje vert forskingsbaserte med læringsutbyte som er tilpassa behova i arbeidsmarknaden.</p>	1	5	5	<p>Høgskulen kan mislukkast med å tilby grunnskulelærerutdanningar med tilstrekkeleg fagleg breidde.</p> <p>Det kan verte vanskeleg å prioritere masterutdanningar i ressurstildelinga.</p> <p>Risiko for at ferdige kandidatar frå HiSF ikkje skal lukkast på arbeidsmarknaden.</p> <p>Rekruttering av fagtilsette med høg fagkompetanse er utfordrande i nokre fagmiljø, sjølv om rekruttering av kompetente fagtilsette har blitt enklare.</p> <p>Studentevalueringar kan gi signal om dårleg pedagogisk kvalitet.</p> <p>Risiko for svekka engasjement for internasjonalisering, som kan gje dårlegare kvalitet på HiSF sin faglege aktivitet.</p> <p>Internasjonale nettverk kan forsvinne dersom nøkkelpersonar sluttar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere opptak annankvart år til GLU-utdanningane.</li> <li>• Vurdere større fagleg samarbeid innan UH –nett Vest om GLU-utdanningane.</li> <li>• Revidere studieplanar for å styrke relevans og innhald i utdanningane opp mot behov.</li> <li>• Gjennomføre kandidatundersøkingar og utvikle kontakten med nærings- og arbeidsliv.</li> <li>• Legge til rette for individuell kompetansebygging for fagpersonale med lægre kompetanse enn ønskjeleg.</li> <li>• Tilsetje i toar-stillingar.</li> <li>• Pålegge formell basiskompetanse i pedagogikk for lærarar som manglar dette.</li> <li>• Pålegge fleire fagtilsette til å orientere seg internasjonalt.</li> <li>• Organisere seminar og fagleg aktivitet som kan trekkje til seg internasjonale partnarar.</li> <li>• Legge til rette for student- og lærarmobilitet gjennom stipend og avtalar med attraktive institusjonar.</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
4	Risiko for svekka studiekvalitet, læringsmiljø og mindre oppfølging av studenten.	2	5	10	<p>Brei studieportefølje og fleire studentar per tilsett har gitt utfordringar med tanke på studiemiljøet og oppfølging av enkeltstudenten.</p> <p>Store førelesingar kan svekke kontakt med faglærarar.</p> <p>Dersom studentane vert mindre nøgde, kan det føre til svekka omdømme.</p> <p>Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane.</p> <p>Mangel på bustader kan vere kritisk ved studiestart</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Syte for tilstrekkeleg ressursar til undervisning og tilbakemelding til studentar.</li> <li>• Ha fokus på digital undervisning og tilgang til datatenester</li> <li>• Ta studentane på alvor gjennom å synleggjere meir av den faglege verksemda.</li> <li>• Svare og grunngje vurderingar og setje inn tiltak for å motverke fulle klasserom og for lite hyblar.</li> <li>• Motverke negativ merksemd gjennom tett samarbeid med studentorganisasjonane.</li> </ul>

## Sektormål 2

### **Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.**

HiSF har revidert strategiplanen for perioden 2010-2014, og stadfesta at HiSF skal ha høg vitenskapleg publisering og utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelta høgskulen utdannar til. Dette gjeld spesielt innanfor dei sentrale utdanningsfelta lærarutdanning, helsefagutdanning, sosialarbeidarutdanning, idrettsutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. I tillegg skal høgskulen ha eit spesielt fokus på å utvikle ny forskingsbasert kunnskap innanfor dei områda der høgskulen har særskilte fortrinn på bakgrunn i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv; geologi og geofare, landskapsøkologi, fornybar energi, fedme-, folkehelse- og velferdsforskning, regionshistorie, organisasjonsleing og reiseliv.

Høgskulen har i februar 2013 vedteke ein ny strategi for forskning- og utviklingsarbeidet ved HiSF som legg spesielt vekt på å auke volumet på ekstern finansiert verksemd, på målretta kompetanseheving til førstestillingar og professor/dosent-stillingar, samt å auke talet på stipendiatstillingar i høgskulen ved å legge slike rekrutteringsstillingar inn i søknader til Forskningsrådet. Høgskulen har og vedteke å innføre 4 ulike fou-stipend for å gje fagtilsette samanhengande konsentrert tid til fou-arbeidet på arbeidsplanen, og for å auke talet på vitenskaplege publikasjonar og søknader til Forskningsrådet.

#### 2.1 Verksemdsmål

**HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitenskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet**

##### 2.1.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon 2013	Snitt SH 2011
	2009	2010	2011	2012		
Publikasjonspoeng	35,9	38,7	38,4	51,3	58	83
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	5,3	7,9	5,0	7,9	8	11,6
Auke i publikasjonspoeng (%)	-	7,9	-0,7	33,4	13	13,2
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,20	0,21	0,20	0,26	0,30	0,35
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	33,6	35,2	35,5	36,4	39	43,3
Tal årsverk i dosentstillingar	3	3	5,8	5	6	2,5
Tal årsverk i professorstillingar	5,7	6,5	7,6	6,5	8	-
Tal årsverk i stipendiatstillingar	15,8	16,6	19,0	19,7	23	-

i) Snitt SH er snitt for statelege høgskular i 2011. Tal for 2012 i kursiv er førebelse tal.



### 2.1.2 Risikovurdering.

Høgskulen har vedteke at vi skal vere ein høgskule med høg vitenskapleg publisering. HiSF er likevel ein høgskule med stort fokus på profesjonsutdanningar, og har tradisjonelt gjort mykje utviklingsarbeid som ikkje har vore poenggjevande. Målet om auka vitenskapleg poenggjevande produksjon er ambisiøst, men er likevel oppnåeleg over tid med dei tiltak som styret har sett i verk for å styrke fou-arbeidet ved HiSF. Konsekvensane av utsatt måloppnåing er uheldige på lang sikt, men vil ikkje ha store konsekvensar for aktiviteten i høgskulen på kort sikt.

Det er eit mål å auke talet årsverk i førstestillingar og i seniorstillingar som professor og dosent. Høgskulen ligg etter sektoren i talet på førstestillingar, og det er satt i gang konkrete tiltak med kvalifiseringsstipend og auka fokus på rekrutteringsstillingar i forskingsprosjekt. Det er likevel ein moderat risiko for at dei kortsiktige måla for delen av årsverk i førstestillingar ikkje blir oppfylte.

Høgskulen skal ha høg forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet, og skal redusere risiko på dette området gjennom ein revisjon av kvalitetssikringssystemet for fou-prosjekt for å sikre at retningslinjer og rutinar er kjente for alle tilsette.

### 2.1.3 Tiltak

1. HiSF skal ha intern kollegarettleiing i rekrutteringsstipend og førstelektor-kvalifiseringsstipend for å sikre god oppfølging
2. HiSF skal gjennom innføring av fou-stipend som førstelektorstipend, forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend og forskningstermin gje større høve til samanhengande fou-tid for fagtilsette
3. HiSF skal legge vekt på dokumentert fou-arbeid i tildeling av fou-ressursar
4. HiSF skal legge inn rekrutteringsstipend i forskingsprosjekt med ekstern finansiering
5. HiSF skal etablere gode rutinar for kvalitetssikring av fou, og for handsaming av forskingsdata som sikrar at høgskulen følg gjeldane lovar og reglar på høgskulen sine fagområder – og helseforskningslova spesielt.

## 2.2 Verksemdsmål

**HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid**

### 2.2.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon 2013	Snitt SH 2011
	2009	2010	2011	2012		
Tal eksterne fou-prosjekt	139	73	145	84	100	-
Tal eksterne fou-prosjekt > 10 000 kr	69	54	66	66	70	-
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	-	-	-	8	10	-
Tal studentforfattarar	-	-	-	0	4	-
Tal nye lærebøker og fagbøker	3	5	3	2	4	-

### **Kvalitativ styringsparameter: Resultatoppnåing på forskning i forhold til vår eigenart.**

Høgskulen skal styrke forskingsinnsatsen innan dei områda der ein er spesielt konkurransedyktig i forhold til andre institusjonar i UH-sektoren. Dette gjeld spesielt innan område der ein har etablerte mastergradssatsingar, område med høg professor- og førstekompetanse, og område der ein har særskilte fortrinn gjennom geografisk plassering eller tett kopling til regionalt samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal og auke andelen tilsette som driv aktivt fou-arbeid og aktivt stimulere til kompetanseheving for tilsette for å redusere ulikhetane i kompetanseprofil mellom avdelingane.

Høgskulen har ein praksisnær profil med tett samarbeid med praksisfeltet innan forskning og utdanning. Dette gjeld både for fou-prosjekt i samband med profesjonsutdanningane, men og innan fagmiljøa på idrett- og friluftsliv og naturfag som legg vekt på praktisk kunnskap og bruk av naturen som læringsarena. Fou-aktiviteten skal særskilt legge vekt på å stimulere til gode fou-prosjekt saman med profesjonane vi utdannar for, og saman med relevant samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane blir eit viktig laboratorium for forskning og kunnskapsinnsamling på nasjonale problemstillingar, og særskilt innan forskingsområda *fysisk aktivitet, skuleprestasjonar og geofarar*.

### **Kvalitativ styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning**

Høgskulen skal gje alle studentar god forskingsbasert undervisning gjennom aktiv deltaking i forskingsprosjekt, feltarbeid, datainnsamling, praksisarbeid og i studentaktiv undervisning. Fagtilsette skal formidle fagleg oppdatert pensum til studentane, og formidle eiga forskning til studentane. Høgskulen skal auke tale publikasjonar som har studentmedforfattarar, og stimulere til aktiv deltaking av studentar i forskingsprosjekta ved høgskulen. Forskingsbasert kunnskap utvikla ved høgskulen skal tas opp i undervisninga gjennom lærebøker og fagbøker, og kunne gje grunnlag for nye spesialiseringar og retningar i utdanningane ved høgskulen.

#### **2.2.2 Risikovurdering.**

Høgskulen har eitt tett samarbeid med offentlege aktørar i regionen, og spesielt innan helse- og velferdsutdanningane er det mange praksisnære fou-prosjekt saman med samfunns- og arbeidsliv. Det er likevel ei utfordring at mange av desse prosjekta er små, og med avgrensa varigheit. Det er liten risiko for at høgskulen ikkje skal utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal relevans. Det er moderat risiko for at høgskulen ikkje greier å formidle den internasjonale relevansen i desse prosjekta godt nok.

#### **2.2.3 Tiltak.**

1. HiSF skal legge større vekt på internasjonal publisering av resultatata frå fou-prosjekt for å sikre internasjonal relevans
2. HiSF skal auke storleiken på fou-prosjekt gjennom å aktivt søke fleire prosjekt gjennom NFR/RFF saman med regionale aktørar frå samfunns- og arbeidsliv
3. HiSF skal utarbeide felles retningsliner for rettigheter og plikter i samband med publisering av resultat frå studentprosjekt
4. HiSF skal evaluere korleis studentane opplever den forskingsbaserte undervisninga ved høgskulen

## 2.3 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjonar

### 2.3.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2011
Tal eigne NFR/RFF søknader	-	-	-	7	10	-
Tilslag eigne søknader NFR/RFF (%)	-	-	-	28,6	25	23
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	-	-	-	2	5	-
Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%)	-	-	-	100	25	-
Midlar frå NFR (1000 kr)	1675	3154	1567	6 643	5000	5924
NFR-tildeling per UFF-stilling (kr)	9,3	17,2	8,1	34,2	12	22
Tal eksternt finansierte stipendiatar	-	-	3,5	3,5	8	-
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	-	-	37,7	-	40	26,5
EU-midlar (1000 kr)	7795	0	0	143	500	1127
EU-midlar per UFF-stilling (kr)	16	0	0	0,7	2,6	2,9

### 2.3.3 Risikovurdering.

Høgskulen skal bli meir aktiv mot nasjonale finansieringsordningar gjennom NFR, og søke midlar til støtte for gode fagmiljø for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Dette skal vere med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søknadsarbeid. Det er knytt moderat til høg risiko til målet om tilslag prosjekt mot NFR – og særskilt sett isolert for eitt år – men gjennom å legge vekt på søknadsskriving som eit viktig fou-resultat i høgskulen er det moderat risiko for at høgskulen ikkje vil nå det langsiktige målet om å bli betre enn gjennomsnittet i tilslagsprosent mot NFR. Konsekvensane av låg utteljing hos NFR er redusert tilgang til forskningstid og stipendiatmidlar, og at talet publikasjonspoeng kan synke. Dette vil vere svært uheldig for høgskulen på lang sikt.

Det er knytt noko risiko til om høgskulen greier målet om å delta i EU-prosjekt til ei kvar tid sidan det er svært låg treffprosent for søknader til EU. Det er viktig for høgskulen at ein har EU-prosjekt slik at ein kan knytte tette internasjonale band til forskarar og institusjonar som er langt framme på høgskulen sine prioriterte fagfelt, og for å styrke fagmiljøa gjennom forskarutveksling og felles publikasjonar.

### 2.3.4 Tiltak.

1. HiSF skal etablere ein arena for erfaringsutveksling mellom søknadsmiljø for å heve kvaliteten på søknadene mot NFR.
2. HiSF skal legge til rette på arbeidsplanen for at aktive forskarar og forskingsmiljø kan skrive søknader til NFR.
3. HiSF skal vektlegge gode søknader til NFR som eit viktig kriterium ved tildeling av intern fou-tid.
4. HiSF skal etablere eit sårkornsfond for frikjøp av fagtilsette frå undervisning i intensive søknadsperiodar.
5. HiSF skal evaluere tema og innretning, og revidere dei strategiske satsingsområda i høgskulen våren 2013

## 2.4. Verksemdsmål

**Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i genuin interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår**

### 2.4.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2011
Tal tilsette i fou-stipend	-	-	-	-	7	-
Tal tilsette som publiserar	35	39	45	58	65	-
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	19,4	21,3	23,0	29,9	33	-

### Kvalitativ styringsparameter: Rettleiing som fou-resultat

Høgskulen skal legge vekt på rettleiing som eit fou-resultat i tildeling av intern fou-tid. Tilsette skal stimulerast til å ta på seg rettleiingsoppgåver for kollegaer for å auke den målretta kompetansehevinga blant dei fagtilsette i høgskulen. Tilsette ved høgskulen skal legge til rette for at kollegaer som deltek i fou-arbeid kan få vere med i alle delar av artikkelskrivingsprosessen etter Vancouver-retningslinene slik at dei får status som medforfattarar på arbeidet.

### 2.4.2 Risikovurdering.

Det er ein aukande del av dei tilsette i UFF-stillingar som publiserer i poenggjevande vitenskaplege kanalar, og risikoen er difor moderat for å ikkje nå målet om at høgskulen skal ha ein stor del fou-aktive fagtilsette. Talet tilsette i fou-stipend er avhengig av dei økonomiske rammevilkåra og prioriteringane i høgskulen, og det er difor liten risiko for å ikkje nå dette målet dersom den positive utviklinga på studentrekruttering og fou-resultat i høgskulen fortset.

### 2.4.3 Tiltak.

1. HiSF skal legge vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar.
2. HiSF skal innføre fou-stipend for samanhengande konsentrert fou-tid på arbeidsplanen for tilsette.
3. HiSF skal vektlegge rettleiing av doktorgradsstudentar og kollegaer, og initiering av fou-prosjekt, som viktige kriterium ved tildeling av intern fou-tid.
4. HiSF skal ha eit aktivt førstelektorprogram for å stimulere til fou-arbeid for tilsette utan førstekompetanse.
5. HiSF skal aktivt bruke II-ar stillingar for å stimulere fou-arbeid og bygge faglege nettverk.
6. HiSF skal ha rammevilkår for fou som legg til rette for likestilling og mangfald

### Risikovurdering av sektormål 2 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Særskilt produktive tilsette sluttar.	3	3	9	Nøkkeltilsette med spisskompetanse og som driv fagmiljø med høg grad av publisering sluttar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Knytte til seg ressurspersonar i II-ar stillingar for å sikre kompetanse og utvikling av fagmiljøet</li> </ul>
2	Låg publiseringsgrad	3	3	9	<p>Sannsyn: Det er naturlege svingingar i publikasjonspoenga av di fagtilsette ikkje publiserer kvart år. Målet er å stabilisere talet på publiseringspoeng på eit høgt nivå.</p> <p>Konsekvens: Midlertidige svingingar vil gje moderate utslag gjennom RBO av midlar, og tape litt av HiSF sitt renommé som eit utdanningsinstitusjon med høgt vitenskapleg nivå.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv bruk av handlingsplanen for vitenskapleg publisering, fleire kurs i vitenskapleg skrivning.</li> <li>• Auke talet på tilsette i førstelektorløp/doktorgradsløp.</li> <li>• Auka fokus på rapportering i CRISTIN.</li> <li>• Bruke antologiar meir aktivt for å dokumentere utviklingsarbeid, og trekke fleire inn i poeng-gjevande publiseringarbeid.</li> </ul>
3	Kvaliteten av fou-arbeidet ved høgskulen	2	4	8	Fou-arbeidet ved høgskulen skal vere av høg vitenskapleg kvalitet og følgje god forskingsetikk standardar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare kvalitetssikring av fou-verksemnda i høgskulen gjennom obligatoriske interne/eksterne fagfelle-vurderingar av rapportar</li> <li>• Gjennomføre seminar for å sikre at tilsette har god kjennskap til forskingsetiske retningslinjer</li> <li>• Legge enno større vekt på fagleg og etisk rettleiing av stipendiatar ved høgskulen</li> </ul>

Nr	Risikoområde	S	K	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
4	Låg tildelingsprosent ved søknader til NFR.	2	3	6	Treffprosenten ved søknader til NFR er om lag 23% for høgskular, og er høgare i programma enn ved søknader om fri prosjektstøtte (12%).	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I hovudsak rette søknader mot program i forskingsrådet med høgare utteljingsprosent.</li> <li>• Meir fokus på regionale virkemiddel som RFF og VRI.</li> </ul>
5	Liten kompetanseheving blant fagtilsette.	2	3	6	Kompetanseheving skjer gjennom førstelektorkvalifisering, doktorgradsarbeid, tildeling av forskingstid, og ved tilsettingar med vekt på forskingskompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auke talet tilsette i kompetanse-hevingsprogram</li> <li>• Legge enno større vekt på forskingskompetanse ved tilsetjingar, og innføre «leitekomitear» for å identifisere potensielle søkarar.</li> </ul>
6	Låg gjennomstrømming av doktorgradstipendiatar.	2	3	6	Låg gjennomstrømming er gjerne med bakgrunn i lite publisering, og kan binde opp tilsette i vanskelege arbeidssituasjonar over tid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare oppfølging av progresjon og rammevilkår for doktorgradstipendiatar ved HiSF.</li> <li>• Krav om intern rettleiar.</li> <li>• Kurs/seminar for rettleiarar.</li> </ul>

## Sektormål 3

### Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.

HiSF har nedfelt i strategiplanen for 2010-2014 at høgskulen skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei varig *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

#### 3.1 Verksemdsmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.

##### 3.1.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2011
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	10649	13648	13252	13500	16000	18463
BOA som del driftsinntekter (%)	4,1	4,8	3,8	4,5	4,8	4,5
Bidragsfinansiert BOA (%)	32	47,3	54,8	52,0	50	51,8
Oppdragsfinansiert BOA (%)	68	52,7	45,2	48,0	50	48,2
BOA frå næringsliv (%)	30,5	32,4	21,5	5,8	25	31,4
BOA frå det offentlege (%)	67,9	55,7	64,0	88,7	70	50

#### Kvalitativ styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentlig forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse Førde, og skal oppretthalde og styrke dette samarbeidet i 2012. Høgskulen har viktige samarbeidsprosjekt med energibransjen og andre aktørar i Sogn og Fjordane som skal vidareførast og styrkast. Høgskulen har og etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor fleire utvalte områder, og dette skal samarbeidet skal styrkast gjennom eit forskingsprogram på innovasjon og verdiskaping i reiselivet i 2013.

Høgskulen skal utvikle vidare samarbeidet med dei andre utdanningsinstitusjonane i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid og arbeidsdeling både innanfor utdanning gjennom Subsea-studiet i Florø, og gjennom forskingssamarbeid innan spesielt RUS og tenester knytt til NAV. Høgskulen skal arbeide for å styrke relasjonen til dei store utdanningsinstitusjonane som vidareutdannar innanfor høgskulen sine fagfelt, og styrke samarbeide med viktige

nasjonale forskingsaktørar innanfor dei prioriterte satsingsområda. Høgskulen skal og gjennom aktiv deltaking i EU-prosjektet SECRE spele ei internasjonal rolle innanfor dette fagområdet.

Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal vere ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. Høgskulen har ei viktig regional rolle med eit veldig godt samarbeid med regionale offentlege aktørar, og skal vidareutvikle denne rolla – spesielt gjennom NFR si satsing på Innovasjon i offentleg sektor.

### **Kvalitativ styringsparameter: Fleksibel utdanning.**

Høgskulen skal tilby fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanningar, og spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. Høgskulen skal og tilby desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, og særskilt innan lærarutdanninga. Volumet av etter- og vidare- og desentraliserte utdanningar ved høgskulen vil vere om lag som før, men satsinga på å utvikle mastertilbod i høgskulen har dei siste åra gjort at fleire av vidareutdanningane har redusert opptaksfrekvensen til annakvart år. Høgskulen skal og organisere fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininga HiSF Oppdrag. Bruken av nettbaserte undervisningsmetodar skal auke i 2013.

### **3.1.3 Risikovurdering.**

HiSF skal auke omfanget av eksternt finansiert verksemd ved høgskulen. Eksternt finansiert verksemd som oppdrag for offentleg sektor og næringsliv er viktig for å styrke både utdannings- og forskingsaktiviteten ved høgskulen, og for å sikre at høgskulen er regionalt relevant innan sine fagområder. Dette er eit ambisiøst mål med moderat risiko. Med bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium er det er likevel ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet. Mykje av den næringsretta BOA har kome frå samarbeidet med energibransjen i regionen, og finansiering av delar av dette samarbeidet gjekk ut i 2012. Ein jobbar no med å finne nye samarbeidsformer saman med bransjen, men lågare overskot i bransjen regionalt medfører ein betydeleg risiko for at delen av næringslivsfinansierte BOA ikkje vil gå vesentleg opp i 2013.

I økonomisk usikre tider er det knytt ein betydeleg risiko til kor mykje av eksternfinansierte bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet som høgskulen er i stand til å hente inn. HiSF har ein mindre del eksternfinansierte verksemd frå konjunkturavhengig næringsliv, og ein betydeleg større del frå det offentlege. Usikkerheten rundt tilgang på eksterne midlar er difor moderat for HiSF. Konsekvensar av redusert eksternfinansierte verksemd vil gå inn som reduksjonar i driftsbudsjettet til høgskulen, og vil difor vere av betyding for den totale aktiviteten ved HiSF.

### **3.1.4 Tiltak.**

1. HiSF skal revidere prosjektstyrings- og kvalitetssikringsrutinane for forskingsprosjekt for å sikre gode leveransar med høg fagleg og forskningsetisk standard.
2. HiSF skal skipe til relevante faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv.
3. HiSF skal legge til rette for at doktorgradsstipendiatar kan hospitere hos bedrifter og offentlege verksemdar
4. HiSF skal saman med regionalt samfunn- og arbeidsliv tilby relevante utdanningar der det er rekrutteringsgrunnlag i regionen, tilstrekkeleg finansiering og eit godt regionalt arbeidsmarknad for ferdige kandidatar.
5. HiSF skal ta i bruk nettbaserte undervisningsformer i fleire fag i 2013.



## 3.2 Verksemdsmål

**HiSF skal formidle resultatene frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering**

### 3.2.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2011
Tal fou-resultat i CRISStin	397	393	355	422	450	-
Tal publikasjonar Open Access	4	7	12	17	20	-
Periodikaartiklar (%)	-	71	83,0	77,6	75	63,5
Antologiartiklar (%)	-	29	13,9	17,3	20	33,7
Monografiar (%)	-	0	3,1	5,1	5	2,8
(Pop.)vitskapelege publikasjonar/ posters	170	170	131	182	200	-

### 3.2.2 Risikovurdering.

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRISStin. Saman med auken i vitskapelege eller populærvitskapelege presentasjonar og det auka fokuset på arrangement rundt Forskingsdagane er det liten risiko for at fou-aktiviteten i HiSF blir mindre synleg i media. Vekta mellom dei ulike vitskapelege publiseringsskanalane har variert frå år til år, men det er ynskjeleg at forskingsgrupper gjennom fokus på å rettleie av kollegaer til vitskapelege publisering går saman om å skipe til fleire antologiar med fagfellevurdering i 2013. Høgskulen skal og stimulere fagtilsette til å publisere meir i open-access kanalar, og gjennom oppretting av eit eige fond for slik publisering er det liten risiko i denne målsettinga.

### 3.2.3 Tiltak.

1. HiSF skal aktivt formidle eigen fou-aktivitet på eigne heimesider, og gjennom Forskingsdagane 2013 og på forskning.no.
2. HiSF skal fortsette det arbeidet med å formidle fou-resultat på eigne nettsider.
3. HiSF skal sette i gang ei prosjektstilling på for formidling av fou i 2013.
4. HiSF skal stimulere fleire tilsette til å publisere gjennom antologiartiklar.
5. HiSF skal opprette eit fond for å stimulere til open-access publisering

### 3.3 Verksemdsmål

#### HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i regionen

##### 3.3.1 Styringsparametrar.

Styringsparametrar	Resultat				Ambis- sjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2011
Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping	1	1	1	1	2	-
Tal bedriftsetableringar	0	0	0	0	1	1,4
Tal mottekne forretningsidear	0	0	0	0	2	10
Tal lisensieringskontraktar	0	0	0	0	0	0
Tal patentsøknader	0	0	0	0	0	0,2

##### **Kvalitativ styringsparameter: HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.**

Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom det regionale forskingsfondet for vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studietilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entrepenørskap, og skal arrangere Næringslivskonferansen for å stimulere til dialog med næringslivet i regionen. Høgskulen skal og vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot Forskringsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt. Høgskulen skal halde fram som ein aktiv og engasjert partner i VRI Sogn og Fjordane.

##### 3.3.2 Risikovurdering.

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og i prosjektet Stat-Næring i regi av Fylkesmannen, og gjennom desse samarbeida er risikoen redusert for at ein skal opplevast som ein passiv aktør i regionen på dette området. Det er likevel slik at utdanningane ved høgskulen i stor grad er retta mot offentleg sektor, og difor er det ei vanskeleg målsetting å skape næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre kommersialiseringsarbeidet, men det er ein ambisjon med betydeleg risiko for å ikkje lukkast på kort sikt. Satsinga på innovasjon i offentleg sektor som er signalisert av NFR vil redusere denne risikoen, og høgskulen skal vere ein leiande aktør i arbeidet med slik innovasjon i regionen.

##### 3.3.3 Tiltak.

1. HiSF skal aktivt stimulere regionale aktørar til økt fou-innsats gjennom søknader til NFR, og særskilt skal ein satse innanfor «Innovasjon i offentleg sektor» og VRI.
2. HiSF skal lage felles retningslinjer for studentoppgåver som regulerer intellektuelle rettar ved ny forretningsidear som kjem fram i samarbeid med rettleiar.
3. HiSF skal legge til rette for eigne studentbedrifter.

### **3.4 Verksemdsmål**

#### **HiSF skal utvikle ny kunnskap som fører til ei varig endring av praksis**

##### **3.4.1 Kvalitativ styringsparameter: Ny kunnskap som fører til ei varig endring av praksis**

Høgskulen skal utvikle kunnskap som fører til ei varig endring av praksis. Særskilt skal dette gjelde i fou-arbeidet innanfor forskingsprosjekta ASK – Active Smarter Kids som fokuserer på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og innan Learning Regions som ser på kvifor skuleprestasjonane i Sogn og Fjordane er svært når gode når alle andre faktorar som er viktige i resten av landet talar i mot dette. Vidare skal kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt innan helse- og velferdsforskningsmiljøa i høgskulen gje ny kunnskap som studentar, tenesteytarar og brukarar skal ta i bruk i nye eller endra måtar å utføre oppgåver på. Høgskulen sin forskingsaktivitet innan energi, ressursar og miljø skal føre til nye arbeidsmåtar og endra praksis hos oppdragsgjevarar og i sektoren, og dette gjeld særskilt resultat frå prosjekt som ser på geofarar som konsekvens av klimaendringar.

##### **3.4.2 Risikovurdering.**

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfelta ved høgskulen, og høgskulen har eit godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Det er difor knytt liten risiko til at kunnskap utvikla ved høgskulen skal gje varige endringar i praksisfeltet.

##### **3.4.3 Tiltak.**

1. HiSF skal drive fou-arbeid *saman med* praksisfeltet for å styrke graden av implementering for resultatata i praksis etter prosjektet
2. HiSF skal formidle kunnskapsutviklinga gjennom konferansar for praksisfeltet
3. HiSF skal bruke kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt, praksisopphald og feltarbeid til å forbetre studentane sitt læringsutbytte i utdanningane
4. HiSF skal prioritere praksisnære fou-prosjekt som utviklar ny kunnskap og gjev ei endring av praksisfeltet

## Risikovurdering av sektormål 3 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	HiSF opplevast som lite relevante for næringsliv.	3	3	9	HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningar og fou-prosjekt. Spesielt mot næringslivet i regionen er det ei utfordring å vere tilstrekkeleg relevant med dei utdanningane og fagkompetanse som høgskulen i dag tilbyr.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka dialog med næringslivet om behov for kompetanse og fou.</li> <li>• Styrke samarbeidet gjennom UH-Nett Vest og TeknoVest for å tilby ein breiare kunnskapsbase.</li> <li>• Vere ein aktiv kompetansemeklar til kunnskapsmiljø nasjonalt for regionalt næringsliv.</li> <li>• Auke innsatsen for å formidle våre relevante fagmiljø og fou-resultat til næringslivet.</li> </ul>
2	Låg tilgang på eksterne midlar.	3	3	9	Eksterne forskingsmidlar finansierar både forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar. Økonomiske utfordringar i næringslivsøkonomien kan gje negativ effekt på midlar frå næringsliv, mens kan stimulere til auke i midlar frå offentleg sektor.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Revisjon av prosjektstyring og kvalitetssikringsrutinane ved HiSF for å sikre at vi leverer høg kvalitet til rett tid i prosjekt mot eksterne oppdragsgjevarar.</li> <li>• Gå i tettare dialog med relevant næringsliv og offentleg sektor for å synleggjere HiSF sin kompetanse og relevans for spesielt regionale aktørar.</li> <li>• Styrka satsing på innovasjonsarbeid i offentleg sektor.</li> </ul>
3	Lite flinke til allmennretta formidling.	2	3	6	Allmennretta formidlinga og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje utteljing for formidlingsaktivitet ved tildeling av fou-tid</li> <li>• Aktiv oppfølging av avdelingar og prosjekt på formidlingsaktivitet.</li> <li>• Aktiv bruk av fou-resultat i undervisning.</li> <li>• Aktiv deltaking på Forskning.no.</li> <li>• Målretta formidlingsprosjekt med eiga prosjektstilling.</li> </ul>
4	HiSF deltar ikkje i samarbeids-prosjekt med regionale aktørar.	2	3	6	HSF deltek i stor grad i samarbeidsprosjekt av med regionale aktørar, og særleg innan dei profesjonsfelta høgskulen utdannar til. HiSF samhandlar òg i aukande grad med lokalt og regionalt næringsliv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke etablerte relasjonar til samfunns- og arbeidsliv gjennom etablering av nye møteplassar</li> <li>• Delta aktivt større forskingsnettverk som UH-nett Vest</li> <li>• Stimulere til meir fou-innsats i regionene gjennom nye satsingar mot NFR.</li> </ul>

## **Sektormål 4**

---

**Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla.**

### **4.1 Verksemdsmål**

**HiSF skal stå fram og vere kjende som ein kompetent, tillitsvekkjande og open organisasjon som har ein arbeidskultur som er prega av entusiasme og nytenking, gjensidig respekt og samarbeid.**

#### **4.1.2 Risikovurdering**

Høgskulen må opplevast som ein god arbeidsplass for alle tilsette. Derfor er det viktig med gode leiarar som er involverande og utviklingsorienterte. Det at vi har gode system for informasjonsutveksling og påverknad er viktig for trivselen og eit godt arbeidsmiljø.

#### **4.1.3 Tiltak**

**Vil vil:**

1. Vidareutvikle systemet for medverknad, og implementere dette i heile organisasjonen.
2. Sluttforhandle ny tilpassingsavtale
3. Ha fokus på arbeidsmiljø og personalpolitiske handlingsplanar på einingane – gjennomføre arbeidsmiljøkartlegging i tråd med vedtak i amu
4. Betre informasjonsarbeidet gjennom gode informasjons- og kommunikasjonsrutinar og betre web-teneste.
5. Gjennomføre ROS analyse og lage ein oppfølgingsplan.
6. Vidareføre arbeidet med oppfølging av de etiske retningslinjene i organisasjonen.

## 4.2 Verksemdsmål

HiSF skal systematisk leggje til rette for å auke kompetansen til det faglege og administrative personalet.

### 4.2.1 Kvantitativ styringsparameter

Kvantitative styringsparametrar	Resultat			Ambi-sjon	Gj.snitt høgskul.
	2010	2011	2012	2013	2011
Robuste fagmiljø	Kvalitativ vurdering				
Prosentdel førstestillingar	35	35,7	36,4	40	43
<b>Prosentdel kvinner totalt etter stillingskat.</b>	56,6	57,7	58	55	
Del kvinner i undervisning, forskning og formidling	49,3	50	51,9	50	
Del kvinner i dosent og professorstillingar	32	25	28,5	30	
Del kvinner i stipendiatstillingar	45,8	53	55,3	55	
Del kvinner i driftsstillingar og reinhaldsstillingar	86	66,2	75,1	70	
Del kvinner i administrative stillingar	67,9	71,6	66,8	65	
Prosentdel kvinner i leiande stillingar (frå rektor til og med institutt og mellomleiarar)	53	58	58,8	58	
Prosentdel kvinner i førstestillingar	24,6	24,7	27,5	30	40,6
Forholdstal faglege og adm.årsverk	2,6	2,7	2,7	2,3	2,2
Mellombelse stillingar i %			19,7	18	
Sjukefråver i %	4,1	5,4	5,9	5,0	

### 4.2.2 Risikovurdering

Sterke og gode fagmiljø er avgjerande for at vi skal lukkast med utdanning og forskning. Konkurransen om høgt kvalifisert arbeidskraft vil bli større i åra framover. Vi har ein risiko for å ikkje greie å halde på personar med høg kompetanse, spesielt etter avslutta doktorgrad. Nokre av våre fagmiljø har høg gjennomsnittsalder og det må arbeidast systematisk og godt med langsiktig rekrutteringsarbeid for å minske risikoen for at vi svekkjer kompetansen. Nokre fagmiljø er små og avhengig av enkeltpersonar. Bortfall av kritisk kompetanse vil svekke høgskulen.

Det vert arbeidd med å lage ein handlingsplan for likestilling. Manglande oppfølging og etterleving av tiltaka i handlingsplanen vil kunne føre til at vi ikkje greier å auke kvinnedelen i førstestillingar. Derfor er det viktig at handlingsplanen vert forankra i styringslina.

Høgskulen sitt sjukefråvær har auka dei siste åra. For å lukkast som IA-verksemd må vi arbeide med og ha fokus på å redusere sjukefråveret. Det må jobbast systematisk og aktivt for å redusere sjukefråveret og elles følgje opp tiltaka i aktivitetsplanen som utarbeidd for IA-arbeidet.

I tilbakemelding etter etatsstyringsmøtet i 2012 peikar Kunnskapsdepartementet på at HiSF, på grunn av storleiken på institusjonen, har ein sårbar administrasjon.

Teamorganisering og utarbeiding av kompetanseplan vil vere tiltak som kan redusere sårbarheita.

### 4.2.3 Tiltak

1. Profesjonalisere rekrutteringsarbeidet, oppretting av leitekomitear er eit konkret tiltak som vi vil vurdere.
2. Gjennomføre tiltaka i Strategi for forskning og utviklingsarbeidet. Utforme søknader om fleire av stipendiatstillingar, etablering av forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend, forskingstermin og førstelektorstipend.
3. Slutføre arbeidet med handlingsplan for likestilling og mangfald.
4. Kartleggje og styrke kompetansen i administrasjonen for å gjere administrasjonen mindre sårbar og sikre effektiv drift med god kvalitet.
5. Etablere forskingsadministrativt nettverk (Fane) for å støtte opp under informasjon og kunnskapsdeling mellom støttefunksjonane knytt til fou i tråd med vedteken fou-strategi.

## 4.3 Verksemdsmål

### Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga.

#### 4.3.1 Styringsparameter.

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)			Mål
	2009	2010	2011	2012
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,77	1,87	2,64	1,9
Endring avsetningar (tilgang/avgang i avsetningar)		-6 951	49 989	-50 000

I 2013 vil resten av løyvinga til inventar i høgskulebygget bli nytta. Vi reknar med at avsettingane til andre føremål også blir noko redusert i 2012. Dette vil påverke avsetningane og likviditetsgraden.

#### 4.3.2 Risikovurdering.

For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhenging av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Det blir i 2013 sett i verk tiltak for å auke tryggleiken i nøkkelfunksjonar. Dette gjeld område som løn og arkiv. Dette er område med høg risiko, spesielt på lønsområdet. Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og interne prosedyrar. Teamorganiseringa må utvikle arbeidsformer som reduserer sårbarheit i organisasjonen.

#### 4.3.3 Kvalitativ styringsparameter.

### Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsetningane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar.

#### 4.3.4 Styringsparameter.

God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 1-2% av tildelt ramme ved einingane.

#### 4.3.5 Styringsparameter.

Ingen merknader frå Riksrevisjonen

#### **4.3.6 Risikovurdering.**

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studieproduksjonen. Det er viktig å ha informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrar blir fanga opp tidleg slik at det er mulig å gjere tilpassingar td i studieportefølgjen.

#### **4.3.7 Tiltak.**

Vi skal:

1. utarbeide og oppdatere økonomiske langtidsprognosar
2. samordne og forbetre støttesystema i økonomisk planlegging og aktivitetsplanlegging
3. utvikle rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta
4. yte opplæring og service til leiarar med budsjettansvar
5. følgje opp regelverket for offentlege innkjøp
6. etablere og gjennomføre god internkontroll
7. utvikle kontrollfunksjonar som dekkjer forvaltings-, økonomi- og resultatkontroll.

#### **Plan for tildelt løyving**

Budsjettet, med ei total kostnadsramme på 322 mill kr, er utforma for å gjennomføre høgskulen sine strategiar med omsyn til utdanning, fou og formidling.

Auken i studenttal er større enn det som var føresett i vedtak om studietilbod. Det er difor lagt inn ei ekstraløyving til avdelingane på 1,3 mill kr for å kompensere for dette.

Det er gjort ei særskilt budsjettløyving på 1 mill kr for å styrke satsinga på fou.

Budsjettet for 2013 er gjort opp med et meirforbruk på 2,7 mill kr. Samstundes med godkjenning av budsjett var det gjort fylgjande vedtak:

«Styret ber rektor legge fram ei sak i samband med årsoppgjeret der eit eventuelt overskot for 2012 går til fou og reduksjon av underskotet i budsjett 2013.»

Rekneskapen for 2012 viser eit akkumulert mindreforbruk på 4,7 mill kr; dette skal fylgjeleg disponerast i samsvar med styrevedtaket.



## Budsjett og prognose 2013 - 2017

Tall i tusen kr	Budsjett	Budsjettprognose			
	2013	2014	2015	2016	2017
Basisløyving frå KD	226 255	228 100	229 200	229 400	229 400
Studiepoengproduksjonløyving frå KD	89 243	92 000	93 500	94 300	94 300
Andre driftsinntekter	1 086	1 100	1 100	1 100	1 100
<b>Driftsinntekter</b>	<b>316 584</b>	<b>321 200</b>	<b>323 800</b>	<b>324 800</b>	<b>324 800</b>
Lønnskostnader	-198 054	-199 500	-200 600	-201 000	-201 000
Investeringar	-5 379	-6 400	-6 400	-6 400	-6 400
Husleige	-61 049	-61 900	-61 900	-61 900	-61 900
Energikostnader	-5 682	-5 700	-5 700	-5 700	-5 700
Arealavhengig driftskomponent	-1 250	-1 250	-1 250	-1 250	-1 250
Andre driftskostnader	-40 774	-40 800	-40 800	-40 800	-40 800
Kompensasjon for auka studenttal	-1 337	-845	-520	-325	-195
Styrking FoU	-1 000	0	0	0	0
Utviklingsmidlar	-7 627	-8 700	-8 700	-8 700	-8 700
<b>Driftskostnader</b>	<b>-322 153</b>	<b>-325 095</b>	<b>-325 870</b>	<b>-326 075</b>	<b>-325 945</b>
Dekningsbidrag frå prosjektverksemd	4 700	4 700	4 700	4 700	4 700
Eigenfinansiering til prosjekt	0	0	0	0	0
Forskotterte studiepoeng inntekter HSFO	-1 864	-1 900	-1 900	-1 900	-1 900
<b>Disponeringar / avsetningar</b>	<b>2 836</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>
Årets mindre-/meirforbruk	<b>-2 733</b>	<b>-1 095</b>	<b>730</b>	<b>1 525</b>	<b>1 655</b>
<b>Samla mindre-/meirforbruk</b>	<b>-2 733</b>	<b>-3 828</b>	<b>-3 098</b>	<b>-1 573</b>	<b>82</b>

## Risikovurdering av sektormål 4 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer	2	5	10	For å ha god og robust økonomi, må HiSF ha god studentrekruttering og eit positivt renommé	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på rekruttering</li> <li>• Ei godt fungerande rekrutteringsavdeling</li> <li>• Tilby attraktive studium til ei kvar tid</li> <li>• Følgjast opp under sektormål 1</li> </ul>
2	Risiko for ikkje ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga.	2	4	8	For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Nokre spesialiserte funksjonar blir ivaretatt av for få personar. Dette gjeld område som løn og arkiv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønsnivået må vere om lag på same nivå som dei institusjonar vi konkurrerer med, sjølv om det til tider kan vere vanskelig å konkurrere med det private næringsliv og statlege direktorat i nærleiken.</li> <li>• Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og det er viktig å ha fokus på interne prosedyrar.</li> <li>• Vi må jamnleg tilby kurs og opplæring i sentrale delar av økonomiregelverket.</li> <li>• God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.</li> </ul>
3	Risiko i høve til dei administrative støttesystema. Risikoen er knytt til både it-risiko generelt og til bemanning og sårbarheit.	3	3	9	Departementet har bedt institusjonen om å vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er gjennomført ei ROS kartlegging, analyse og tiltak.</li> <li>• Forholda må leggjast til rette for gode arbeidsvilkår og trivsel for tilsette for å sikre stabilitet i it-stillingane</li> </ul>
4	Risiko for ikkje å klare å halde på personar med høg kompetanse	3	3	9	Den største risikoen for at vi ikkje greier å auke i kompetansenivået, er knytt til om vi greier å halde på dei som har førstekompetanse. Vi er sårbare i situasjonar der vi får utskifting i stillingane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er viktig at førstestillingar er knytta til bachelorutdanningane og at tilsette med førstekompetanse får høve til å forske</li> <li>• Tiltaka vil vere av generell karakter og knytta til om høgskulen greier å få ein så robust økonomi at mastergradstilbod let seg realisere.</li> <li>• Tverrfagleg samarbeid kan auke muligheitene for å skaffe eksterne prosjekt og utviklingsprosjekt.</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
5	Risiko for at HiSF ikkje har god kjønnsbalanse i stillingane	3	2	6	HISF skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv. Det kan være vanskelig å få kvinner inn i leiande stillingar, samt å tiltrekke seg kvinner med førstekompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmuntre kvinner til å søkje førstelektorstipend og leiarstillingar</li> <li>• Ha oversikt over utviklingsa når det gjeld kjønnsfordelinga i HiSF</li> </ul>
